

Har ambisjonar

Ungdomslag vil ha liv i gamle forsamlingshus.

Side 17

Språkundervisning

Å læra bort norsk som andrespråk er krevjande.

Side 14

Helsevikarar

I Voss kommune er dei sjølvforsynte med vikarar.

Side 8

Nett-teneste



Foto: Colourbox.no

«Flere språk til flere»
skal gi råd til tospråklege
familiar om korleis barna
skal lære språka.

• Sjå s. 10

Fylkeskvinn



Foto: Regjeringa.no

Anne Karin Hamre (t.h.)
visste kva ho gjekk til, då
ho tok til som fylkesmann
i Sogn og Fjordane.

• Sjå s. 12 og 13



Foto: Toyni Tobekk

Ung valkamp

Utsira, øykommunen med 215 innbyggjarar, har greidd meir enn dei fleste kommunar greier. Her stiller 12 ungdommar til val på ei eiga ungdomsliste.

I Suldal stiller 18 år gamle Britt Mari Engeskar (biletet) til val første året ho sjølv er gammal nok til å stemme. Kva er det som motiverer dei? • **Side 6 og 7**

BRUK
LNK
KORTET

BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN

Sidan 1913



Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss

Endring må til

Etter 22. juli har vi diskutert språk, retorikk og debatt på ein måte vi ikkje har gjort på lenge her i landet.

Somme politikarar og parti har lova å ta sin eigen retorikk opp til vurdering, medan andre er nervøse for debattane og lurar på korleis ein skal vite kor grensene går for kva ein kan seie og ikkje seie.

Det er sett eit høgst tiltrengt søkjelys på kommentarfelt og debattforum, og VG har til dømes valt å krevje at du no er pålogga Facebook-profilen din for at du skal få kommentere saker på VG-nett. Dei har fått nok av søppel i kommentarfelta sine, seier dei. Samstundes finst det stor forståing for at ikkje alle kan eller vil stå fram med fullt namn og bilete når meir personlege tema skal diskuterast.

Semja er uansett stor om at vi må skjerpe krava til debatten og språkbruken vår. Først og fremst ved at vi går i oss sjølv og set ord på det vi veit og kan på ein ærleg og høfleg måte. Men minst like viktig er det at vi vågar å gå inn i ubehagelege debattar og diskutere og korrigere kunnskapsløyse og utskjellingar.

Kunnskap var mantraet på Twitter dei første nettene og dagane etter 22. juli. Frå det smalt i Oslo, gjekk oppmodinga ut: Ikkje spreie uverifiserte rykte. Ikkje sei ting du ikkje er sikker på. Vi treng å vite, ikkje tru. Og slik heldt det fram. Påstandar basert på synsingar og lause rykte vart anten gått i rette med eller tagde i hel.

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen tok nyleg initiativ til kampanjen «Jeg skal si ifra». Dette er ein Facebook-kampanje som til no har fått drygt 7000 medlemmer, og føremålet er å nedkjempe framandfrykt og rasistiske haldningar i debattfelta til nettavisene. 7000 tilhengjarar er ikkje spesielt mange når ein veit kor mange tusen «likar»-tilhengjarar relativt tøvete saker kan samle på Facebook. Men likevel er det eit prisverdig tiltak. Kampanjen har mellom anna løfta fram iFAKTA, ei samling av nøkkeltal og annan informasjon om innvandring og integrering, som kan lastast ned frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet.

Skal vi no kome vidare, er dette retninga å gå. Fordommar byggjer på kunnskapsløyse og frykt. Debatt må vere tufta på kunnskap og vit, og han må haldast i ein språkbruk vi kan stå inne for om vi vert tvinga til å sjå einannan i auga.



Illustrasjon: Leif Harald Forthun


 Alf Skjeseth
journalist i Klassekampen

KRONIKK

Det er somme oppleste og vedtekte sanningar etter 22. juli, som ikkje er ukompliserte. Ei slik sanning er at vi treng ein meir open samfunnsdebatt, og ikkje eit hemma ordskifte, slik det av gode grunnar var dei første vekene. Band på debatten vil svekkje ytringsfridomen og drive dei mest ubehagelege straumdraga – særskilt i innvandringsdebatten – inn i mørke krokar der det kan bli avla ny, farleg ekstremisme.

Dette er sant, men samansett. «Innhaldet står fjellstøtt» skreiv Oslo Framstegspartis leiar Christian Tybring-Gjedde då han beklaga forma i sin mykje kritiserte kronikk i Aftenposten om det fleirkulturelle elende, som han gav Arbeidarpartiet skulda for. Då var kanskje ikkje orsakinga verd noko? Innhaldet er jo viktigare enn ordbruken. Men det er ikkje råd å trekkje eit skarpt skilje mellom innhald og ordbruk. Då Tybring-Gjedde dempa ordbruken, dempa han også den aggressive bodskapen. Det gjorde ikkje mirakel, men det var positivt. Då er det verre at partiet sin leiar Siv Jensen held fram med å bruke sitt infame «snikislamisering», eit skrekkløse på skremmelspropaganda i ei sømeleg form.

Alle minnemarkeringane etter tragedien har demonstrert krafta i språket og kor viktig det er å finne dei rette orda. Medan det omvendte – negativ, hatefull, stemplande, stigmatiserande ordbruk – er skadeleg i seg sjølv, ikkje berre som innpakkingspapir for ein bodskap.

Den svenske forfattere Ola Larsmo skreiv i Dagens Nyheter få dagar etter terrorhandlingane tankevekkjande om korleis språk kan vera med på å bane vegen for masse mord. Ein treng ikkje gå tilbake til Goebbels-propagandaen, som la eit mentalt slør over holocaust i det tyske samfunnet, sjølv om dette er eit historisk døme utan sidestykke. Folkemordet i Rwanda i 1994 og Srebrenica i Bosnia året etter er i same gate. Ved begge høve var intens hatpropaganda eit viktig førebuaende verkemiddel for å snakke ned menneskeverdet til dei som skulle takast. Hutu-militsen sin radio i Rwanda skråla om tutsiane som «kakerlakkar» i dagevis før nedslaktinga tok til. Det er lettare å trakke ein kakerlakk under foten enn ein granne som er tutsi.

Dette kan vera meir relevant for vår heimlege debatt enn vi likar å tenkje på. Larsmo minner om den giftige tonen i omtalen av innvandrargrupper og framande kulturar og religionar i Sverige på 1990-talet, eit samfunn som trudde at rasisme var eit marginalt problem, og som ikkje hadde eit stort populistparti til høgre, slik Noreg lenge har hatt. Det er vanskeleg å observere langsiktige samfunnsendingar medan ein står midt oppi dei, og før ein visste ordet av det, rykte dei sterkt framandfiendtelege Sverigedemokratane inn i Riksdagen for full musikk i fjor.

Eg intervjuar tidlegare Oslo-biskop Gunnar Stålsett for Klassekampen få dagar etter terroraksjonane. Han tek for gjeve at det blir ei varig endring i den politiske retorikken heretter, og seier at ingen politikar kan sjå seg sjølv i spegelen om dei held fram med stigmatiserande og generaliserande retorikk som set folkegrupper i systematisk negativt lys. Han løftar ikkje berre peikefinger mot Framstegspartiet, det mest opplagte målet for slike peikefingerar, men seier at alle må sjå til å snakke på ein annan måte. Regjeringa også.

Det står att å sjå om Stålsett er for optimistisk. Vi må jobbe hardt for å halde ved like dei positive samfunnsendingane etter 22. juli, sa den 18 år gamle, overlevande AUF-jenta Pableen Kaur til meg. Vi har alle eit ansvar for orda vi nyttar, kvar einaste dag, skriv Ola Larsmo.

Rift etter gratis språkkurs

14 kommunar har så langt i år tinga gratis språkkurs frå LNK. – No er det fullt for i år, men bestill gjerne til neste år, seier storfnøgd koordinatør ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Tone Skjerdal.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Fem kommunar hadde språkkurset På saklista no i vinter og vår, og tilbakemeldingane derfrå er gode, seier Skjerdal. «Dette trengte me. Dette var moro.» Slik lyder det frå kursdeltakarar, og Skjerdal utdjupar:

– Det er mange tilsette i nynorsk-kommunane som ikkje har nynorsk språkbakgrunn. Dei kan synest det er tungt å jobbe med nynorsk. Men no, etter kurset, seier dei at det er moro.

TODAGARS

Kurset På saklista har vore eit tilbod frå LNK i ei årrekke. Det er eit to-dagars norskurs for offentleg tilsette, og kurset fungerer best viss ein har nokre vekers avstand mellom dei to kursdagane. – Kombinasjonen av å ha heimelekse ein må gjere mellom kursdagane, og det at ein tar dette kurset saman med fleire frå kommunen sin, gjer nok at ein føler ein får stort utbytte av det, seier Skjerdal. Kurset, som er kome til i samarbeid mellom LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane, har to kurshaldarar som byter på å halde kurs.

KVART FEMTE ÅR

Det var i fjor at styret i LNK vedtok å tilby

medlemskommunane kurset kostnadsfritt.

– Då styret gjorde vedtak om gratis kurs, såg dei føre seg ei ordning som sikra alle medlemene tilbod om gratis kurs kvart femte år, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland. Intensjonen til styret er at medlemskommunane skal få språkkurs kvart femte år viss økonomien tillet det.

– I år kostar kurset oss om lag ein halv million kroner, og det er mykje pengar for ein liten organisasjon som LNK. Men vi arbeider for å finna ei løysing som gjer at vi kan vidareføra gratis kursa.

TRENG PÅFYLL

– Kvifor satsar LNK på dette tilbodet til nynorsk-kommunane – burde dei ikkje kunne språket frå før?

– Eg trur alle som arbeider med språk, har godt av litt fagleg påfyll og oppfrisking av og til. Og det er eit faktum at ikkje alle som kjem ut av høgskular og universitet i dag, er spesielt sikre språkbrukarar, seier Høviskeland.

– Saksbehandlarar og andre som produserer tekstar for innbyggjarane i kommunen, er viktige førebilete, og kvaliteten på språket i slike tekstar signaliserer noko om kvaliteten på det arbeidet som blir gjort i kommunen generelt. Kommunalt språk og kommunalt omdømme heng nøye saman.

NY PÅMELDING

Sjølv om det no er fullt på kurskalenderen i 2011, vil ikkje LNK og Tone Skjerdal ta motet frå andre kommunar som òg er lystne på kurs.

– Kontakt oss igjen i september, då kan vi byrje å planleggje nye kurs for 2012, rår Tone Skjerdal nynorsk-kommunane.



FORNØGD: Tone Skjerdal ved Høgskulen i Sogn og Fjordane melder om stor interesse for språkkurset På saklista. Snart er det tid for påmelding til 2012. (Foto: privat)

Skal finne Årets nynorsk- kommune

For tredje året på rad bed no KRD nynorsk-kommunane om å melde seg på konkurransen om å bli Årets nynorsk-kommune.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Kommunar som har eit medvite forhold til nynorsk, som ønskjer å styrkje kvaliteten i språket, og som sjølve brukar språket aktivt, bør søkje om å få bli Årets nynorsk-kommune, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp) til LNK.

– Nynorsken er ein viktig del av identiteten vår og har ein sentral plass i den

nasjonale litteraturen, seier Navarsete.

– Vi må arbeide for å oppretthalde og styrkje nynorsken si rolle og sikre at det offentlege brukar språket aktivt. Vi treng kommunar som legg til rette for bruk av nynorsk, og vi treng politikarar som frontar nynorsken, seier statsråden vidare.

Ho peiker på at kommunane gjerne må samarbeide med det lokale næringslivet og oppmøde dei til å profilere seg på nynorsk.

Prisen Årets nynorsk-kommune er på 100 000 kroner og har tidlegare gått til Stord (2009) og Seljord (2010). Fristen for å søke i år er 15. oktober. I juryen for Årets nynorsk-kommune sit representantar frå Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar, Landslaget for lokalaviser og Språkrådet, medan departementet er sekretariat. Prisen vil bli delt ut i løpet av november.

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

**NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!**

SITATET:

Då eg var lita, var valvake kjekkare enn nyttårsaftan.

Agnes Ravatn , Dag og Tid

Norsk språkpolitikk – kunnskap og respekt

Vi har med stigande undring følgd debatten om nynorsk i skulen. Høgre og Framstegspartiet har begge opna for at sidemål, les: nynorsk, skal vera valfritt i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. Dei framstiller denne «valfridomen» som ein demokratisk rett, til beste for elevlar og lærarar. Men det er skilnad på demokrati og fleirtalsdiktatur.

I dag har Språkrådet og Kulturdepartementet ansvar for norsk språkpolitikk. I sin konsekvens vil Høgre og FrP sine ønske om at elevane sjølve skal få velja om dei vil læra heile eller litt av det norske språket, føra til at dei flyttar ansvaret for delar av politikken over til skuleborna. Spør du ein trettenåring om ho vil ha mindre lekser, og ein lærar om han vil ha færre stilar å retta, skulle det ikkje forundra oss om dei sa ja takk. Dette handlar ikkje om reelle val, vi snakkar om pinleg ansvarsfråskrivning og svekking av kompetansemåla i den norske skulen.

Det er tydeleg at sidemålsopplæringa for bokmåselevlar ikkje fungerer godt nok, men då må det vera betre å styrkja denne opplæringa, heller enn å fjerna kunnskapskravet. Kjartan Fløgstad ironiserte, i kjend stil, over den same problemstillinga for nokre år sidan: Kvifor ikkje berre fjerna Sør-Amerika frå kartet? Berre dei færraste av oss kjem til å få bruk for kunnskap om dette kontinentet, skreiv han. Ikkje alle skjønna ironien.

Ei undersøking Språkrådet har gjort mellom norsklærarar, syner det tydeleg: Haldningar til nynorskdelen av faget norsk er ein del av problemet. Ikkje overraskande har lærarar med bokmålsbakgrunn, som kjenner seg svake i nynorsk, dei mest negative haldningane til obligatorisk sidemålsundervisning. Nokre deløysingar på dette er opplagde, men det vil ta tid før dei får effekt: Gi norsklærarar tilbod om betre vilkår dersom dei held eit høgt nivå i faget norsk, gi tilbod om etterutdanning til dei som treng dette; og ikkje minst: styrk norskfaget i lærarutdanninga. Gode norskkunnskapar gir grunnlag for læring i alle fag.

Det er viktig at Høgre og FrP ikkje får leggja premissane for debatten om norskfaget, han er for viktig til det. I staden for å dvela ved detaljar og problem, bør debatten løftast for å synleggjera verdien av at vi faktisk har to språkformer som påverkar kvarandre her i landet. Dette gjer norsk til eit rikare og meir dynamisk språk. For dei fleste av oss er det norske språket sett



Vidar Høviskeland
Dagleg leiar i LNK



Jan Davidsen
Leiar i Fagforbundet

saman av to likestilte målformer, nynorsk og bokmål – og begge desse formene er umistelege delar av vår felles kulturarv, ja for heile vår identitet. Dette er også utgangspunktet for den svært gode stortingsmeldinga Mål og mening som

vart behandla i Stortinget i 2009, og som såleis er gjeldande offisiell norsk språkpolitikk.

Norskundervisninga har vore tospråkleg i 150 år. Alt frå 1860-åra skulle elevane i folkeskulen lesa utvalde tekstar på det som då vart kalla landsmål og riksmål. Femti år seinare vedtok stortingsfleirtalet at dei som tok examen artium, skulle kunna både bokmål og nynorsk. Seinare blei same kravet innført i lærarutdanninga. Det å ha kunnskap i begge målformene vart sett på som ein del av det allmenne dannelsesgrunnlaget, og tanken om at språkformene skulle vera likestilte, har heile tida vore ein berebjele i norsk språkpolitikk. Slik bør det framleis vera.

Tradisjonelt har målrørsla først og fremst

vore knytt opp mot sentrumsparti som Venstre, KrF og Sp, men dei siste tiåra har dei stadige angrepa på nynorsken, først og fremst frå krefter i Unge Høgre, ført til at det språkpolitiske bildet er blitt meir polarisert. Då Mål og mening var oppe til politisk behandling, kom mindretalsmerknadane frå Høgre og FrP, dei andre partia var einige om det meste.

Sterke krefter har, i valkamp etter valkamp, systematisk spreidd fordommar mot kunnskap generelt og nynorsk spesielt. Fleire leiande Høgre-politikarar i dei største byane våre har ei fortid som ivrige talsmenn for bokbål – for brenning av nynorskbøker. Dette er sterke verkemiddel. Det er tydeligvis freistande for mange å bruka kampen mot nynorsk som populistisk valpropaganda – i bokmålsområde. Mange vil ta bort nynorskbrukarane sine tilkjempa rettar – rett og slett av di dei er i fleirtal. Slike haldningar viser først og fremst mangel på respekt for andre, og bør slåast hardt ned på i den komande valkampen. Og norsk språkpolitikk bør verta eit tema i valkampen, både i år og i 2013.

På mange måtar er kampen for rettane til brukarar av det norske språket ikkje ulik kampen for rettar i arbeidslivet, altså ikkje ulik det arbeidet fagrørsla gjer. Fagforbundet har vore bevisst på dette i fleire år. Sidan 2003 har vi hatt eit omfattande samarbeid med Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), som er ein interesseorganisasjon for dei kommunane som har valt å bruka nynorsk eller som er språkneutrale. Samarbeidet omfattar språkkurs, støtte til viktige nettstader som Framtida.no, Magasinett.no, tidsskriftet Pirion og mykje anna, til dømes utvikling av intern språkpolitikk i organisasjonen. I dag har alle som kontaktar Fagforbundet, rett til svar på den målforma han eller ho brukar. Informasjonsmaterieill og publikasjonar skal veksla mellom dei to språkformene, og alle skjema skal vera tilgjengelege i begge målformer.

Dette handlar om å visa respekt for medlemene våre sine rettar – også dei språklege.

Vi håpar også at alle politiske parti vil visa tilsvarande respekt for veljarane sine rettar, anten desse er framforhandla av fagrørsla eller målrørsla.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
•
www.lnk.no
•

post@lnk.no

•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

•
Styret:
Astrid Myran Aarvik , styreleiar

Laura Seltveit
Rune Øygard
Solfrid Borge
Gunnar Strøm

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Olaug Grana
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrkjer dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

•
LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken



STORT BESØK: Statsminister Jens Stoltenberg var til stades på opninga av prosjektet i vår. (Foto: Roar Strand)

Vil vera best på skule

Ambisjonane er høge i Vågå: Dei skal bli best i landet på skule.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

I fem år skal Vågå-skulane jobbe ut frå det som no heiter Vågåmodellen, ein modell basert på kultur- og realfagskompetanse og livsmeistring. Modellen er utarbeidd av professor i musikkvitenskap Jon Roar Bjørkvold.

STERKE KREFTER

–Vi ønskjer å utvide innhaldet i skulen og gje barna meir enn det vi er pålagde. Det gjer vi gjennom å styrkje dei praktiske og dei estetiske faga, forklarar ordførar i Vågå, Rune Øygard.

–Vi har mellom anna med oss fotografen Morten Krogvold og kokken Arne Brimi på laget for å lære barna nye uttryksformer og å bruke sansane sine.

Desse skal vere med og styrkje elevane sin kompetanse innfor natur, foto, mat, musikk og handverkstradisjonar. Også grunnkompetansen innan lesing, rekning, skriving og IKT skal få eit løft, og til det har Vågå kommune fått hjelp frå IKT-bransjen, representert ved Intel, Microsoft og Atea.

EIGEN PC

Å få med krefter utanfor eigen administrasjon til eit slik skuleløft er avgjerande, meiner ordføraren, som synest det at slike nestorar innan sine bransjar blir med, vitnar om at investorane sjølve ser ein verdi i dette prosjektet. Reint praktisk inneber denne satsinga at alle tredjeklassingane i Vågå får sin eigen spesialtilpassa PC med programvare, medan elevane på dei andre trinna får høve til å kjøpe programvaren til ein rimelegare pris.

– Skuleboka er framleis den viktigaste reiskapen i Vågå-skulen, seier Øygard.

– Men med desse PC-ane får vi høve til å utvide læringa enno meir.

Også fysisk fostring får sin plass i den nye skulesatsinga. Målet er å finne arenaer der funksjonssvake elevar kan få ei oppleving av meistring og prestasjonar. Også kulturskulen skal involverast og bli ein naturleg part i Vågå-elevane sin skulekvardag.

OMPRIORITERINGAR

Denne satsinga vil sjølvsagt koste Vågå kommune. Sjølv om prosjektet har fått med eksterne bidragsytarar, vil det merkast på dei kommunale budsjetta.

–Vi har prioritert dette høgt, og då betyr det at vi har prioritert ned noko anna, seier Rune Øygard. Desse økonomiske prioriteringane har det ikkje berre vore semje om i Vågå. To grunderskular er mel-



SAMAN: Både lærarar, elevar, foreldre, kommunen og samarbeidspartane må dra i lag for at kommunen si skulesatsing skal bli ein suksess, seier ein optimistisk ordførar i Vågå, Rune Øygard. (Foto: Vågå kommune)

lom anna lagde ned fordi dei vart for små, medan nye Vågåmo skule opna i 2011. Men sjølve satsinga på skule er det brei semje om, seier ordføraren.

DRAUMBILDDET

Prosjektet, som har fått namnet Vaken og Vågål i Vågå, har ei tidsramme på fem år. Ordføraren håpar ein vil sjå resultat i form av auka sjølvtilitt hjå ungdommane, eit styrkt omdømme for Vågå kommune og fleire tilflyttarar til kommunen.

– No er vi i den situasjonen at vi faktisk har oppgang i folketalet, og vi har no det høgaste folketalet på seks år, seier ordføraren. – Men i utviklinga av ein sterk Nord-Gudbrandsdalsregion blir vi i Vågå små, og vi må gjere jobben sjølve. Draumbildet er derfor gode fagfolk og grunderar som ønskjer å flytte til Vågå mellom anna fordi

FAKTA

Vågål i Vågå

Vågå kommune satsar på å skape Noregs beste skule. Hovudsakleg finansiert ved omprioritering av kommunale midlar. Prosjektet har fått noko økonomisk støtte frå Fylkesmannen og støtte i form av kompetanse og tilgang til gratis eller prisreduert utstyr. Prosjektet har tilsett Hanne Blåfjelldal, tidlegare politisk rådgjevar for Frp si stortingsgruppe, som prosjektleiar.

dei får eit godt skuletilbod til ungdommane sine der.

– Vi ser truleg allereie ein effekt av skulesatsinga, trur ordføraren. – I år er det få ledige stillingar i Vågå-skulane framføre kommande skuleår. Og til dei ledige stillingane som finst, er det svært mange og gode søkjarar. Vi tolkar det som at dei som er her, vil bli, og at dei som søker, har lagt merke til den satsinga vi jobbar med.

MÅ LEVERE

Til sjuande og sist er det dei unge det handlar om, seier Øygard. Han trur dessutan at ei investering i skuleelevane vil styrkje sjølvkjensla til kommunen og på sikt få ungdommane tilbake til kommunen.

– Å investere i barn og unge er noko av det viktigaste vi gjer, seier han, og medgjev samstundes at den satsinga kommunen no står framføre, vil bli krevjande.

– Folk vil følgje med oss, og vi blir nøydd til å levere. Vi bør ikkje skåre dårleg på nasjonale prøver no framover, for å seie det slik.

Fekk nytt syn på politikken



– Før var politikk einstyndande med menn i 50-åra med hentesveis, som heldt på med sitt på eit uforståeleg språk, seier Britt Mari Engeskar (18).

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– No tenkjer eg at viss du har ei meining om Lånekassen, skule, SFO og fritidstilbod, ja så er du interessert i politikk.

Sjølvsagt stiller ho til val for Suldal Arbeidarparti ved kommunevalet i haust, og ho meiner ho har det politiske pilotprosjektet "Mot til å meina" å takke for at det politiske engasjementet hennar blei vekt, og for at forståinga for kva som er politikk, no har blitt noko annleis.

ELDREBØLGJA KJEM

Det er heilt naudsynt at ungdom engasjerer seg, seier ho. Ein kan starte med å engasjere seg i lag og organisasjonar, så vil ein kanskje finne vegen til politikken etter kvart.

– Når eldrebølgja kjem for fullt rundt om i kommunane, så trengst det ungdom i politikken som kan vere med og kjempe for aldersgruppa vår.

– Men viss du blir vald inn til hausten, så skal du vel ikkje berre jobbe med ungdomspolitiske spørsmål?

– Nei, sjølvsagt ikkje. Det er mykje å setje seg inn i når ein blir med i eit parti, og noko må lærast undervegs.

No er det eit paradoks at svært mange ungdommar som stiller seg til disposisjon på ei politisk liste, ofte må starte si politiske karriere med å søkje fritak viss dei kjem inn, fordi dei skal ut av kommunen sin for å studere. Korleis tenkjer ho sjølv om det?

VIKTIG: Britt Mari Engeskar (Ap) seier betre vegar og gode arbeidsplassar som kan lokke ungdom heim, blir viktige saker for ho i kommunepolitikken. (Foto: Toyni Tobekk)

– Eg skal ta bachelor i sosiologi ved Universitetet i Stavanger frå hausten av, og eg trur eg skal greie å reise heim for å gå på møte. Det vil nok bli ein del reising viss eg blir vald inn.

ENDRINGAR MÅ TIL

Engeskar er klar på at alt ikkje berre kan vere slik det har vore, viss ungdommen skal bli betre representert i det politiske livet. Sjølvsagt trur ho debattforma vi har i media og på skulane i dag, ikkje tener til å vekkje ungdom.

Tv-debattar gir eit dårleg inntrykk av kva politikk er. Og partia sender dei mest ekstreme politikarane sine på skuledebattar og skapar eit kunstig bilete av kva den politiske debatten er. Ho trur heller at

«Me har nedkjempa våpen med roser og hat med kjærleik»

Britt Mari Engeskar

meir politisk opplæring på skulen er svaret på spørsmålet om korleis ein skal få ungdom interesserte i politikk.

Dei dramatiske hendingane i Oslo og på Utøya denne sommaren har sjølvsagt påverka ho. Sjølvsagt hadde ho tenkt å reise til Utøya, men vart sjuk rett før og slo det frå seg. Ho kjenner ingen privat som vart råka, men kjenner til folk i organisasjonen som mista livet. Det har gjort inntrykk, og denne dagen vi møter ho, skal ho få setje ord på det. Det er valkampopning i Suldal, og ordføraren og Britt Mari Engeskar skal halde kvart sitt innlegg, etterfølgd av eitt minutt stille. Det er raude roser i kvar ei hand på torget, og etter at appellen er halden, kjem unge og gamle bort til Britt Mari og drysser godord over ho.

– Landet har blitt frårøva mange flinke komande politikarar no, seier ho. – Eg har sjølv venner som seier dei eigentleg ikkje hadde tenkt å stemme i år, men som no har fått nytt syn på saka og allereie har førehandsstemt. Det er viktigare no enn nokon gong at ungdom stemmer.

Ung liste på Utsira

Steffen Skare (22) er toppkandidaten til Ungdomslista i Utsira kommune. Øykommunen er den einaste kommunen i Noreg som har ei eiga ungdomsliste.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

12 ungdommar mellom 18 og 22 år stiller til val for ungdomslista på Utsira utanfor Haugesund.

– Ungdomslista blei starta på initiativ av ordføraren vår, Jarle Nilsen. Tidlegare har det vore vanleg med ei fellesliste og ei bygdliste på Utsira. Ungdommen har

vore representert på desse listene, men har som regel hamna så langt nede på lista at me ikkje har hatt nokon sjanse til å bli valde inn. Ungdomslista blei då starta for å gi dei unge betre sjansar til å bli valde inn i kommunestyret, seier ordførarkandidaten Steffen Skare til Framtida.no.

– Det er viktig å ha representantar for ungdommane i kommunestyret. Vi bur her ute vi også og bør derfor ha eit ord med i laget. Når vi er eit så lite samfunn som vi er her ute, bør alle aldersgrupper vere representerte. Det er som Jarle Nilsen sa til meg, «I staden for å gissa på kva ungdommane vil her ute, er det betre å få dei med inn i kommunestyret, slik at dei har eit ord med i laget», held 22-åringen fram.

Sjølvsagt er Skare mest oppteken av musikk og kultur.

– Eg er sjømann av yrke, men muskar

av hjarte. Elles er eg oppteken av at alle skal vere likestilte, alle skal få den hjelpa dei eventuelt treng, og hjelpa skal vere lik for alle. Eg synest òg det er viktig at vi får meir folk ut til Utsira, men for å få det til må det gjerast ting for å få folk til å flytte ut hit, mellom anna må det vere arbeidsplassar, slår han fast.

Kandidatane på Ungdomslista er opptekne av livskvalitet.

– Det er viktig at folk som flyttar ut hit, får arbeidsplassar, men det er vel så viktig at dei får ein god livskvalitet her ute. Folk skal trivast. Eg trur ikkje at vi unge her ute har meiningar som divergerer noko særleg frå resten av befolkninga, vi er alle opptekne av at Utsira skal bestå, at alle her ute trivst og har gode tilbod, og dessutan at vi på sikt får fleire innbyggjarar, meiner Steffen Skare.



UNG LISTETOPP: Steffen Skare er 22 år og ordførarkandidat i Utsira kommune. (Foto: Privat)

– Vi har fått større medvit om orda

22. juli har endra kommunikasjonen i Noreg, meiner styreleiaren i Norsk kommunikasjonsforening, Astrid Bugge Mjærum. – Eg trur vi har fått større medvit om kva ord vi vel å bruke, både i det private og det offentlege rommet.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

– Eg opplever at kommunikasjonen er endra. Denne endringa trur eg vil bli både kortvarig og langvarig, slår Bugge Mjærum fast.

– Vi er ekstra prega nå, så andre typar haldningar enn dei som det norske folket liker å vise, som til dømes negative haldningar til det fleirkulturelle samfunnet, høyrer vi ikkje så mykje. Desse haldningane kjem fram igjen, men eg trur vi kjem til å vere sterkt prega gjennom heile valkampen og hausten, held ho fram.

Ho trur terrorhandlingane 22. juli kjem til å få ei følgje for korleis vi snakkar til kvarandre også på lang sikt.

– Eg trur oppriktig at vi har fått større medvit om korleis vi kommuniserer, kva ord vi bruker, og at dette kjem til å bli ei varig endring, seier Astrid Bugge Mjærum, som til dagleg jobbar som kommunikasjonsdirektør i Lånekassen.

– Når ein er i ein krisesituasjon, blir ein flinkare til å setje ord på ting. Alt blir så ekte. Ein har ikkje noko val. Ein kjenner det sjølv. Kommunikasjonen blir også meir ærleg.

VARSAM OG VERDIG

Vidare bruker ho ord som dempa, varsam og verdig om kommunikasjonen etter terroråtaka.

– Det har vore fantastisk å sjå folk stå opp, både som enkeltindivid og i kraft av dei rollene dei har. Det har vore oppriktig engasjement frå botn til topp. Vi har fått ei fellesskapskjensle og ein vilje til å vise fram kva vi synest er viktig i Noreg.

Som styreleiare i kommunikasjonsforeninga synest ho det er bra at vi nå har fått fokus på debattklimaet i Noreg.

– Sjølve orda har blitt viktigare. Til og med Carl I. Hagen går ut og ber om orsaking, og det ser vi ikkje ofte. Orda har fått



VIL HA MEIR OPENHEIT: Styreleiar i Norsk kommunikasjonsforening, Astrid Bugge Mjærum, ønskjer ein meir open og ærleg kommunikasjon i Noreg, ikkje berre i krisetider. (Foto: Jannecke Sanne Normann)

ein enorm verdi, og det er jo spennande for oss som jobbar med kommunikasjon, peikar Bugge Mjærum på.

AUKA ENGASJEMENT

Endringa har ikkje berre skjedd i det offentlege rommet.

– Folk blir oppmoda til å bruke viljen sin til å seie imot. Haldningar som at det ikkje er vits, at ein ikkje gidd eller orkar å engasjere seg, trur eg har blitt utfordra. Folk tenkjer over at det har noko å seie kva den einskilde vel å bry seg med, seier styreleiaren i kommunikasjonsforeninga.

Fredag 22. juli las Astrid Bugge Mjærum ferdig Alf R. Jacobsen si bok, «Kongens nei». Boka handlar om dei første dagane etter at tyskarane hadde invadert Noreg i april 1940, og om Kong Haakon sitt kategoriske nei til å overgje landet til tyskarane.

– Då var Noreg i krise, og i den krisesituasjonen blei det ei utfordring for

regjeringa og kongehuset å takle krisa i høve rollefordeling og samspel. Etter 22. juli 2011 har denne rollefordelinga og samspelet mellom regjering og kongehus fungert svært bra. Måten krisa har blitt handtert på, har verka samlande på landet og folket, slår ho fast.

VIKTIG ROLLEFORDELING

Bugge Mjærum skriv i eit innlegg på Norsk kommunikasjonsforening sine nettsider etter terroråtaka:

– Vi veit ikkje i dag kva vurderingar Stoltenberg og Kongehuset gjorde i dei første timane. Men vi ser at dei første orda hadde stor verdi. Dei var utslagsgjevande. Rosetoga, fellesskapet i møte med menneske og i dialogar på nettet, og viljen til å stå opp for felles verdiar er vanskeleg å sjå for seg dersom leietrådane og orda hadde vore annleis.

Nå er Bugge Mjærum spent på kor lenge

vi kjem til å vere varsame og verdige når vi snakkar med og til kvarandre.

– Det blir veldig interessant å sjå kor lenge denne mellombelse tilstanden varer. Ein ønskjer å begynne å leve eit normalt liv igjen. Vi er i ei brytingsfase nå. Eg trur situasjon varer heile hausten, at medvitet om orda blir varig, og at haldningane som ikkje kjem fram i dag, kjem opp att seinare, seier ho.

Som kommunikatør og representant for andre kommunikatørar ønskjer ho meir openheit og gjennomslagskraftige tilhøve.

– Reint kommunikasjonsfagleg i debatten om debattklima så har jo kommunikatørar ein spesiell kompetanse til å bidra til å betre debattklimaet. Vi kan bidra som fagpersonar, sluttar styreleiaren i Norsk kommunikasjonsforening.

Navarsete meir positiv til røysterett for 16-åringar

Møte med ungdom som overlevde mas-sakren har gjort leiaren i Senterpartiet, Liv Signe Navarsete, meir positiv til å la 16-åringane sleppa til ved valurnene.

– Eg har vore ganske skeptisk. Eg sette i gong forsøket med stemmerett

til 16-åringar fordi eit fleirtal i Stortinget vedtok det.

Men etter å ha høyrte kor reflekterte ungdommane som var på Utøya uttalte seg, så tenkjer eg at dei er godt i stand til å gjera seg opp ei meining om kva dei

vil stemma, seier Navarsete til Kommunal Rapport.

Ho legg til at møte med andre 16-17-åringar i forsøkskommunen Re stør opp under oppfatninga.

– Eg har ikkje teke noko endeleg

standpunkt, og vi må sjå på erfaringane frå forsøket, men eg er blitt meir positiv. Det kan bety ei fornying og ei forynging av lokaldemokratiet, og det trur eg ikkje er så dumt, seier Navarsete. (©NPK)

Vil bli betre kommunar

88 kommunar har no søkt om å få bli med i programmet "Saman om ein betre kommune".

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Programmet er eit samarbeid mellom regjeringa, KS og arbeidsgjevarorganisasjonane. Målet med programmet er å få kommunane til å arbeide for å redusere sjukefråværet og uønskt deltidsarbeid, auke kompetanse og rekruttering til kommunale jobbar og auke omdømmet til kommunen.

"Saman om ein betre kommune" byggjer på Kvalitetskommuneprogrammet som vart avslutta i 2010. Kvalitetskommuneprogrammet viste at samarbeid lokalt mellom dei folkevalde, dei administrative leiarane og dei tilsette og tillitsvalde var viktig for å oppnå resultat, heiter det på programmet si heimeside.

Kven av dei 88 søkjarkommunane som får bli med i programmet, vil truleg bli kjent innan midten av september. Kommunane må sjølve setje eigne mål og planar for arbeidet, og programmet skal vare ut 2015. Det er Kommunal- og regionaldepartementet som har ansvaret for programmet.



SAMDE: Jan Davidsen (LO), Mimi Bjerkestrand (Unio), Liv Signe Navarsete, Gunn Olander (YS), Halvdan Skard (KS) og Ole Jakob Knudsen (Akademikarane) vart i vinter samde om ein avtale om utviklingsprogrammet Saman om ein betre kommune. (Foto: Roger Holmsen/KRD)

Sjølvforsynt med vikarar

Voss kommune har eige vikarbyrå som løyser utfordringane med vikarar innan helse og omsorg.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Det fungerer bra og lett trykket på avdelingsleiarane ved sjukdom eller andre situasjonar der ein elles berre må byrje å ringe rundt for å finne folk, seier leiar for vikartenesta, Eldbjørg Lie Jørgensen.

SLEPP MAS

I staden for at kvar einskild leiar må ta hand om vikarbehovet i si avdeling ved å ringe fast tilsette og tilkallingsvikarar, kan dei no berre ringe Vikarkontoret, som tek seg av saka. Imens går leiaren tilbake til avdelinga si og held fram med jobben sin.

Slik har det vore sidan kontoret vart oppretta i 2007, og vikarleiaren meiner det har vore ei god løysing for kommunen, men òg for den einskilde vikaren. Vikarane har fått ein meir føreseieleg arbeidskvardag, og dei slepp å bli maste på. No er det ein telefon frå Vikarkontoret som gjeld.

FASTE OG AMBULERANDE

Vikarkontoret har ein eigen vikarpool med hjelpepleiarar og sjukepleiarar, samtidig som dei formidlar vikarar som berre er inne for ein avgrensa periode. I vikarpoolen er vikarane tilsette i fast stilling, med fast turnus og ein gitt stillingsprosent, men dei jobbar på tvers av avdelingane i kommunen. Dei andre vikarane er til dømes studentar eller kommunalt tilsette som vil arbeide litt meir enn den faste stillinga dei har.

– Det er den einskilde avdelinga som

har det faglege ansvaret for vikarane, seier Eldbjørg Lie Jørgensen. – Og vi har stort fokus på fagutdanning og god opplæring av dei tilsette.

STERK LEIARKONTAKT

Vikarkontoret har ansvaret for fordeling av ressursar og for å følgje opp rutinar med den einskilde leiaren, slik at ein kan

avdekke kva behov dei ulike avdelingane har til ei kvar tid. Det er svært viktig å ha god kontakt med leiarane i avdelingane for å få ei slik løysing til å fungere godt, seier Lie Jørgensen.

Arbeidet som er gjort med Vikarkontoret, må dessutan sjåast i samanheng med kommunen si satsing på desentralisert utdanning, opplæring av vikarar og fokus på lærlingplassar, seier ho.


Ordførar Gunn Berit Lunde Aarvik (Ap) er svært nøgd med Vikarkontoret. Kontoret vart oppretta reint administrativt, og har aldri vore gjenstand for noka politisk handsaming. Men Lunde Aarvik seier det er ei god og praktisk løysing for helse- og omsorgstenesta. – Det har gjort livet mykje lettare for folk i vår kommune, seier ordføraren.

**SONG... BØKER... TEATER...
SPRÅK... TEKNOLOGI...
LEIK...
NYNÖRSK...**

Er din barnehage oppteken av å formidle den lokale og den nynorske kulturen? Eit Pirion-kurs kan vere ei god inspirasjonskjelde og setje fart i kulturarbeidet i barnehagen. Eit Pirion-kurs kan vere halvdags eller heildags, for barnehagen åleine eller saman med andre på ein planleggingsdag. Kontakt oss for meir informasjon i dag!
pirion@norsk-plan.no 52 79 04 82 www.pirion.no

Pirion
- kulturavis for barnehagar og skular

Pirion-kurs!





Einig? Stem på partiet som snakkar saka di på Førstevalet.no.

Førstevalet.no er ein del av prosjektet "Mot til å meina" som har til målsetjing å få fleire til å ta del i politisk arbeid og auke valdeltakinga i aldersgruppa 16-25 år.

FørsteVALET.no



ALP



FRAMTIDA.NO

Identitet gjennom språk og fotball

For dei rundt 7 millionar katalanarane i og rundt Barcelona er det særleg to ting som skapar identitet: det katalanske språket og fotballklubben FC Barcelona.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Det språket folk gjerne kjenner som spansk, går i Spania under namnet kastiljansk. Dette er det einaste språket som blir brukt og forstått i heile Spania, men fleire regionar i landet har i tillegg sine egne offisielle språk. Størst av desse er katalansk, som er offisielt språk i Catalonia og på øygruppa Balearane. Språket står veldig sterkt blant katalanarane. Dei fleste snakkar katalansk rundt middagsbordet, sjølv om alle også kan kastiljansk.

KAMP MOT MADRID

Førsteamanuensis i spansk ved Noregs Handelshøgskole, Johannes Nymark, fortel at språket er ein viktig del av kampen mellom dei to tyngdepunkta i Spania.

Madrid er det politiske maktsentret i Spania, medan Barcelona utgjør det økonomiske og industrielle maktsentret. Heilt sidan slutten av 1800-talet har dei to tyngdepunkta stride mot kvarandre. I Franco-tida frå 1939 til 1975 var kastiljansk det einaste språket som var lovleg å bruke, men katalanarane peika alt på slutten av 60-talet ut språket og fotballklubben FC Barcelona som dei viktigaste symbola i kampen mot Madrid, fortel Nymark.

Dette forklarar også noko av kjenslene som pregar «El Clásico», som oppgjera mellom FC Barcelona og Real Madrid blir kalla.

I FC Barcelona må du vere katalanar for å vere valbar til styret, og tidlegare klubbpresident Joan Laporta starta eit eige parti som kjempar for katalansk lausriving frå Spania etter at han gjekk av i fotballklubben, seier Nymark.

MEDVITNE POLITIKARAR

Det er fleire grunnar til at språket står så sterkt blant katalanarane. Johannes Nymark peikar mellom anna på medvitne politikarar.

I Catalonia er det lokale parti som styrer. Dei nasjonale partia, som sosialdemokratiske PSOE og konservative PP, har ikkje fått same fotfestet som elles i landet. Dei lokale partia er veldig nøye på at katalansk skal vere offisielt språk. Regionen har også eit sterkt næringsliv og mange arbeidsplassar. Mange har frykta at arbeidsinnvandringa, mellom anna frå Nord-Afrika, skulle føre til at språket blei svekka, men det syner seg at innvandrarane lærer seg katalansk. Tilflyttarar frå andre delar av Spania utgjør nok eit større trugsmål mot språket, meiner Nymark.

Også i andre regionar syner det seg at språket ikkje blir svekka av sterkt næringsliv og stor tilflytting.

Baskarland opplever mykje av det same,



SPRÅK SOM VÅPEN: Katalanarane brukar språket som eit våpen i kampen mot sentralmakta i Madrid, seier Johannes Nymark. (Foto: Eivind Senneset/NHH)

men det baskiske språket står også sterkt. I Galicia, som er meir avhengig av primærnæringar, er det færre arbeidsplassar og lite tilflytting. Det galisiske språket er likevel på vikande front. Folk skjønner at det er viktigare å kunne kastiljansk om dei må flytte bort for å finne seg arbeid, seier Nymark.

IKKJE MAKTSPRÅK

Johannes Nymark meiner det er fleire årsaker til at nynorsk ikkje oppnår same posisjonen som katalansk og andre regionale spanske språk.

Brukarane av katalansk er samla i eit avgrensa geografisk område. Det er også rike og sterke krefter som står bak utbreiinga

av språket, og det er offisielt språk i massedia. Det manglar nynorsken. Nynorsk står relativt sterkt innan litteraturen, men er til dømes fråverande i dei store avisene. Nynorsk blir meir kulturspråk enn maktspråk, seier Nymark.

Fleire språk til fleire

Mange familiar i Noreg er tospråklege, gjerne med mor og far frå forskjellige land. Mange foreldre er i stuss om kva språk dei skal lære barna sine først. Universitetet i Tromsø (UiT) meiner det beste er å lære dei begge språka samtidig.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

I andre delar av verda er det vanleg at barn veks opp med to eller fleire språk. I Noreg, og store delar av Europa, er det meir uvanleg. To- eller fleirspråklegheit blir gjerne sett på som eit problem og ein negativ

ting for barna si språkutvikling, men det er tvert om positivt, meiner postdoktor i språkvitskap, Merete Anderssen, ved UiT.

LETTARE FOR Å LÆRE

Tospråklege barn er flinkare til å fokusere på ein ting om gongen og sjalte ut viktig informasjon. Dei skiftar lettare merksemd mellom ting, og er flinkare med multitasking. Dei får større forståing for kulturelle skilnader og har lettare for å lære framandspråk på skulen, seier Anderssen til UiT sine nyheitssider.

UiT har nyleg lansert den nettbaserte rettleiingstenesta «Flere språk til flere» for å gi rådville vaksne betre informasjon. Foreldre, barnehagar, skular, politikarar, lag og foreiningar er i målgruppa for tenesta. Nokre av Noregs, og verdas, beste forskarar på området står bak nettenesta, som på sikt også skal innehalde bloggar og diskusjonsforum for brukarane.

FLEIRE SPRÅK FRÅ DAG EIN

Hovudparolen for «Flere språk til flere» er klar: Ikkje ver redd for å lære barna fleire språk frå fødselen av.

Mange trur det er best å setje kreftene inn på å lære barnet norsk først, sidan det er majoritetsspråket, men norsk blir dei uansett eksponerte for. Innlæringa av språk er på topp når vi er minst, alt frå fireårsalderen blir det vanskelegare. Ein bør ikkje vente med å lære barn andre språk, seier Merete Anderssen, og legg til at det ikkje er heilt problemfritt å lære barnet fleire språk samtidig.

Det krev ganske mykje innsats, det går ikkje automatisk. Det er viktig at barnet høyrer like mykje av begge språka. Her kan til dømes einspråklege besteforeldre vere nyttige. Gi barnet positive erfaringar med å bruke språket. Ikkje heng deg opp i at barnet ikkje snakkar flytande, oppmodar ho.

Ny rapport om minoritetsspråk

Kvart tredje år rapporterer Noreg til Europarådet om situasjonen for minoritetsspråka i landet. Rapporten dette året vart nyleg sendt ut til høyring.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Det er Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (FAK) som utarbeider rapporten. Både Ministerkomiteen i Europarådet og ein eigen ekspertkomité gav Noreg ei rekkje utfordringar etter førre rapport i 2008. Rapporten er eit omfattande dokument. Høyringsperioden varer til 1. september. Vi ser her primært på kva regjeringa svarar på Ministerkomiteen sine spørsmål og utfordringar.

NORDSAMISK

Ministerkomiteen har bede Noreg sikra at nordsamisk blir brukt innan sosial- og helsesektoren i primærømråda for språket. Regjeringa viser i rapporten til at det er oppretta ein nasjonal undervisingsjukeheim i Karasjok. Vidare er det utarbeidd ein eigen kurspakke i nordsamisk for

helsepersonell, og Helse Finnmark har som mål at alle tilsette skal ha kurs i nordsamisk språk og kultur. Samisk nasjonalt kompetansesenter (SANK) driv dessutan rettleiing og pasientretta arbeid for psykisk helsevern for den samiske befolkninga. Det er også oppretta egne kontor for dette i Tysfjord, Snåsa og Oslo.

LULESAMISK/SØRSAMISK

Til utfordringa om å betra undervisinga i lulesamisk og sørsamisk viser regjeringa til at det er danna eit nettverk for sørsamiske lærarar og utvikla ein database for sørsamisk læremateriell. Det blir også arbeid med betre opplegg for fjernundervising, og Drag skule i Tysfjord fungerer som eit ressurscenter for lulesamisk. Også her står fjernundervising sentralt.

KVENSK/FINSK

Ministerkomiteen i Europarådet meiner det er viktig at dette språket, som står i fare for å døyt ut, blir revitalisert. Dei peikar særleg på at det må integrerast meir i utdanning og kringkasting.

Noreg sin innsats blir kanalisert gjennom Kvensk institutt, skriv FAK i rapporten. Det er gjort mykje arbeid for å dokumentera språket. Rettskrivingsreglar for språket er på plass, og det blir i dag

arbeidd med å utvikla ein kvensk grammatikk. Det blir også gitt opplæring i kvensk/finsk som andrespråk i grunnskulen. Opplæring i kvensk kultur ligg også inne i læreplanen. Kring 750 elevar nytta seg av tilbodet i 2010. Kulturministeren har også stilt krav til NRK sitt styre om å syta for større omfang og meir breidde i tema for minoritetsspråklege sendingar.

ROMANÉS/ROMANI

Ministerkomiteen har bede Noreg om å utforme språkundervising for grunnskulen for desse språka, men FAK viser til at interessa er lita blant brukarane. Dei ønskjer i staden opplæring i norsk, står det i rapporten.

Romfolket har gode munnlege kunnskapar i romanés, men mange vaksne manglar lese- og skrivekunnskap i norsk. Det er difor oppretta eit vaksenopplæringscenter for å auka foreldra sine kunnskapar i norsk, matte og bruk av digitale hjelpemiddel. Auka basiskompetanse hjå foreldra vil føra til at fleire av barna fullfører grunnskule, meiner FAK. Bruken av dataverktyet Fronter skal også vidareutviklast, slik at rombarn enklare kan halda kontakten med skulen når dei reiser. Noreg har også starta eit samarbeid med Sverige om bruk

FAKTA

Offisielle minoritetsspråk i Noreg

NORDSAMISK
21 000 brukarar i Noreg. Primært i Finnmark og Nord-Troms.

LULESAMISK
500 brukarar i Noreg. Primært i Tysfjord, Sørfold og Hamarøy i Nordland.

SØRSAMISK
300 brukarar i Noreg. Primært sør for Polarsirkelen, særleg i Snåsa i Nord-Trøndelag.

KVENSK
2000-8000 brukarar i Noreg. Primært i Finnmark, særleg i Porsanger og Varanger (der språket vert kalla finsk).

ROMANÉS
Ukjent tal på brukarar. Romfolket (sigøynarane) sitt språk i Noreg.

ROMANI
Eit par hundre til eit par tusen brukarar i Noreg. Romanifolket (taterane) sitt språk i Skandinavia.

av romanéstalande morsmålsassistentar og nettressursar for morsmålsopplæring.

Romanifolket mottar prosjektstøtte for innsamling av ord og utvikling av ordbok i norsk romani. Prosjektet «Taterfolket fra barn til voksen» har tilrettelagde opplegg for opplæring i taterfolket sitt språk og kultur for barnehage og skule.

Upopulært fag

Haakon Øvreseth (15) har gått på spansk skule og lært valensiansk i fleire år. Han trur ikkje han får bruk for det nokon gong.

MAGNAR RIVELAND
bladstova@lnk.no

Familien Øvreseth flytta til Torrevieja i Spania då Haakon var fire år. Han byrja på spansk skule like etterpå. Undervising i valensiansk fekk han frå fjerde klasse. Valensiansk er offisielt språk i Valencia-regionen, og mykje av offentleg informasjon, skilt og andre ting blir trykte på både kastiljansk og valensiansk. Lingvistar kallar valensiansk ein dialekt av katalansk, men folk i Valencia-regionen legg vekt på at det er eit eige språk. Torrevieja ligg heilt sør i regionen. Valensiansk er mindre brukt her enn rundt storbyen Valencia og i nord, der Valencia grensar til Catalonia.

– Me hadde 3-4 timar valensiansk i veka, men fekk mykje meir opplæring i kastiljansk. Det var også kastiljansk som blei brukt i andre fag. Eg høyrer ikkje mange som snakkar valensiansk her i Torrevieja,

og dei spanske medelevane mine kunne heller ikkje språket før me fekk undervising i det, fortel Haakon.

Haakon, som stort sett har spanske verner og spelar på spansk fotballag, snakkar flytande kastiljansk, men kan ikkje seia det same om valensiansk.

– Eg kan sjå nyheitssendingar på valensianske TV-kanalar og forstå kva dei seier, men ikkje stort meir. Det er stor skilnad på kastiljansk og valensiansk, seier Haakon, og legg ikkje skjul på at valensiansk var eit upopulært fag blant elevane.

– Det blir som med sidemålsundervising heime i Noreg. Elevane spør «kvifor må me lære dette, me får jo aldri bruk for det.» Svaret frå lærarane var stort sett at det berre var noko me måtte gjennom, fortel han.

Dei tre siste åra har Haakon Øvreseth gått på den norske skulen i Rojales, ein av fleire norske skular i Spania. Han har bokmål som hovudmål, men tykkjer ikkje nynorsk sidemål er noko problem.

– Dei to målformene er veldig like. Når du kan den eine, går det ganske greitt å lære den andre. Det er verre med valensiansk. Eg tvilar på at eg nokon gong får bruk for det, seier han.



FLYTANDE: Haakon Øvreseth snakkar flytande kastiljansk, men kan ikkje seie det same om valensiansk.
(Foto: Magnar Riveland)

FAKTA

Offisielle språk i Spania

KASTILJANSK
Det offisielle språket for heile Spania og store delar av Latin-Amerika.

KATALANSK
Offisielt språk i Catalonia, Andorra og på Balearane.

VALENSIANSK
Offisielt språk i Valencia-regionen.

BASKISK
Offisielt språk i Baskarland.

GALISISK
Offisielt språk i Galicia.

ARANESISK
Offisielt språk i dalen Val d'Aran i Catalonia.

Det er i tillegg fleire regionale språk som til dømes blir brukte i skuleverket, utan at dei har status som offisielle språk (mellom anna asturiansk og aragonesisk).

Kjelde: Wikipedia

– Eg brenn for fylket mitt

Sogn og Fjordane er eit flott fylke, med mange ressursar og stor spennvidde. Slik karakteriserer Anne Karin Hamre (46), nytilsett fylkesmann i Sogn og Fjordane, fylket der ho no skal vere statens forlengde arm.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det er så fint å bu i Sogn og Fjordane at ein berre må få fleire til å bu her, skal ein tru Hamre.

Men er det berre noko ho seier? Er det ikkje slike ting ein fylkesmann nesten må seie?

Anne Karin Hamre er ikkje ukjend med kva rolla som fylkesmann inneber. Hamre har vore tilsett hjå Fylkesmannen sidan 1998, som rådgjevar, administrasjonssjef og sidan assisterande fylkesmann. Før det har ho jobba som journalist i avisa Sogn og Fjordane, i Bergens Tidende og i NRK Sogn og Fjordane, ho har jobba med forskingsformidling for Vestlandsforskning og undervist ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Ho er dessutan meir enn gjennomsnittleg oppteken av språk, seier ho. Ho kjenner truleg flokselen på gangen.

Ho snakkar altså med stort tru-
verde og entusiasme når ho legg
ut om besøket ho nettopp hadde
på Hydro sitt teknologisenter i Årdal. Der

har folk med mange ulike nasjonalitetar kome til med kompetansen sin og sett fart i den teknologiske utviklinga. Om neste besøk til Måløy, der ein no skal erstatte gruvedrift med datalagring i den nedlagde Lefdal gruve i nabokommunen Eid. Og om fiskerinæringa, som har god utvikling, men også utfordringar. Slik som fylket hennar også har: potensial, høve, men også utfordringar.

– Vi strevar med det same som mange andre; sentralisering og ei negativ folketalsutvikling. Vi må jobbe hardt for å behalde dei vi har, og aller helst vil vi ha ein auke i folketalet.

Anne Karin Hamre kjenner organisasjonen ho no skal leie, svært godt etter 13 år hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Når vi spør kva jobben til ein fylkesmann eigentleg inneheld, må ho le litt. Det er så mykje, seier ho og passar på å nemne at ho har svært lojale medarbeidarar med seg på jobben.

– Eg skal leie ein organisasjon som har ansvaret for fleire viktige område: landbruk, helse og sosial, barnevern, skule, barnehage og miljø. I tillegg er vi ein retts-
tryggleiksinstans, og mykje av jobben vår er å drive klagesakshandsaming, det vil seie klagar på kommunale vedtak.

Fylkesmannen si oppgave er ikkje berre å sjå til at statlege pålegg blir følgde, men også å samordne oppgaver, slik at ikkje staten blir oppfatta som eit mangehoda troll. Det handlar dessutan om at informasjonsflyten skal gå begge vegar, seier ho.

– Vi må også vere ein lyttepost på vegner av folket og formidle det vi høyrer, inn til sentrale organ.

Det er avgjerande for Fylkesmannen å ha eit godt forhold til kommunane, og Hamre kjenner seg ikkje heilt igjen i skildringa vår av eit tilhøve mellom kommunane og Fylkesmannen som til tider kan vere konfliktfylt. Ho peiker på brukarundersøkingar som syner at kommunane oppfatar

Fylkesmannen som tilgjengeleg, ein plass å søkje råd, sørvisinnstilt og som ein instans som har forståing for kommunane sin situasjon. Men sjølv sagt kan det vere utfordringar i skjeringspunktet mellom Fylkesmannen sitt ansvar for å få gjennomført statleg politikk og kommunen sitt ønske om sjølvråderett. Igjen, det handlar om å vere lydhør, seier Hamre. Og det er ikkje alltid tilsyn er det rette svaret på utfordringane, meiner ho.

Nettopp derfor er det viktig å syte for tilstrekkeleg med møtepunkt kor dei ulike organisasjonane kan treffast, diskutere og få forståing for og innsyn i utfordringane den einskilde har. Det gjeld så vel folkevalde og administrasjonen i kommunane som KS og andre organisasjonar som har påverkningskraft.

Og så bloggar ho. Fylkesmannsbloggen har eksistert i to år, og blir oppdatert – om ikkje kvar veke – så i alle fall så ofte det er tid og noko relevant å snakke om.
– Vi prøver å skrive om dagsaktuelle tema,





Foto: Anne Gro Fredheim

og ønsket vårt er å gjere stoffet meir tilgjengeleg og kortfatta enn til dømes brev og artiklar kan vere.

Informasjon ut til brukarane, innbyggjarane, er viktig. Ikkje berre at det kjem ut, men kanskje vel så viktig kva form det kjem i, insisterer Anne Karin Hamre. – Folk må forstå det vi skriv.

Enkelt og greitt. Folk må forstå om dei har fått medhald eller avslag i ei sak – og det med éin gong, seier ho og utdjupar: – Vi har bestemt at brev skal utformast slik at konklusjon og oppsummering kjem innleiingsvis. Ein skal ikkje måtte lese seg gjennom fleire sider før ein skjønar kva resultat vi har kome fram til.

Målbruksplan har dei også innført. Eller Rettleiar i godt språk, som han heiter. Han tek for seg generelle retningslinjer, grammatikk og regelverk. Språk er dessutan trekt fram som eit viktig område i strategiplanen deira og skal vere tema på

møte minst éin gong i halvåret. Tilhøvet til nynorsk oppsummerer ho slik:

– Vi er eit nynorskfylke, vi følgjer mållova, og nynorsk har alltid vore språket mitt.

Anne Karin Hamre er den første kvinnelege fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vi ber ho reflektere litt over det. – Det er framleis ei stor overvekt av menn i leiande stillingar i Sogn og Fjordane. Eg meiner det er sunt med ein betre balanse mellom kjønna i desse stillingane. Eg håpar òg at eg kan inspirere fleire kvinner til å søkje leiarstillingar.

Å vere leiar er både morosamt og spennande!

– Burde tittelen du har, vore meir kjønnsnøytral?

– Ideelt sett, ja. Men det er vanskeleg å kome opp med noko godt alternativ.

Det ser ikkje ut til at tittelen hindrar kvinner i å søkje embetet. Med dei siste utnemningane i juni er det like mange kvinnelege som mannelege fylkesmenn.

– Kva gjer du på fritida?

Låtten er der igjen. – Å vere fylkesmann er ein relativt krevjande jobb. Men når eg har fri, likar eg å gå til fjells, sommar som vinter. Vi er ein gjeng som går tur kvar tysdag i sommarhalvåret, det prøver eg å få med meg. Om vinteren går eg på ski.

– Bortoverski eller nedoverski?

– Haha. I Sogn og Fjordane er det nesten berre mogeleg å gå rett opp og renne rett ned.

SJØLVMELDING

Alder:	46
Bur:	Sogndal
Sivilstatus:	Gift, tre born
Aktuell:	Ny fylkesmann i Sogn og Fjordane
Les:	Lokalaviser, BT og Aftenposten, og ei bok i ny og ne
Høyrer på:	Rock og opera, nyhende på radio
Førebilete:	Ingen spesiell – alle som gjer ein stor innsats for fellesskapen

Må forstå rammene

Innvandrere som skal lære seg norsk, skal ikkje berre lære språket. Det handlar om å kjenne norsk kultur på mange nivå, seier språkpedagog og førsteamanuensis ved Universitetet i Bergen, Jon Erik Hagen.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Lingvisten Hagen jobbar med norsk som 2. språk ved Universitetet i Bergen. Her jobbar han mellom anna med eit studietilbod til pedagogar som skal lære innvandrere norsk.

FLEIRE LAG

Å lære bort norsk som andrespråk er ikkje som å undervise i norsk til norskfødde, skal ein tru Hagen. Språket har fleire lag, og det kan handle om filosofi og psykologi så vel som lingvistikk og pedagogikk. På kvar sine vis skal desse laga forståast av innvandrarelevane, men med deira erfaringar og kulturelle rammer som bakgrunn.

– Det er viktig at dei som skal lære norsk, kjenner norsk kultur, slik at dei forstår den verdsramma som norsk språk gir mening innafor, seier Hagen.

Derfor er han også skeptisk til at så få av dei som underviser innvandrere, har kompetansen innan andrespråkspedagogikk.

UTFORDRANDE

– Det å undervise i norsk som andrespråk er vanskeleg. Eg trur det er ei føremon å vite om norsk språk sett utanfrå, å få sett språket i eit anna perspektiv. Det vil ein få viss ein høyrer på dei som har ein annan ståstad: Kva er enkelt, og kva er vanskeleg å lære i det norske språket?

I skuleåret som gjekk, hadde dei stor søking til andrespråkskurset, og no håper han på like stor pågang i



TILBOD: Jon Erik Hagen er oppteken av at innvandrere får eit godt opplæringsstilbod. (Foto: Colorbox.no)

haust, trass i at kurset går frå å vere eit gratis kurs til å bli eit betalt studium.

VIKTIG FAKTOR

Språk er ein viktig identitetsfaktor for ein som vel å slå seg permanent til i eit anna land enn fødelandet, og er derfor ikkje ei oppgåve som kan takast lett på, seier Hagen.

Innvandrere bør få lære det offentlege språket der dei bur, og sjølv om ein ikkje har all verda med opplæringsmaterieil tilgjengeleg, så finst det noko, slår han fast. Manglande materieil er ikkje i seg sjølv eit argument for at innvandrere ikkje skal få lære nynorsk.

– Det finst litt materieil tilgjengeleg på bokmål, men dessverre ein del mindre på nynorsk. Men Nynorsksenteret har gjort ein god jobb med å samle det som finst, i ein eigen ressursbank, minner han om.

Feirar 100 år med nynorsk

Første veka i september skal Jølster kommune i Sogn og Fjordane feire at det er 100 år sidan nynorsk vart innført i skulane i kommunen. 100-årsfeiringa varer heile veka, og det blir aktivitetar av mange slag. Skular, barnehagar og kyrkjer skal ha særskilt fokus på nynorsk denne veka. Det blir dessutan kulturkveld med store og små lokale krefter på fredagen. Laurdag kan folk møte i det gamle skulehuset i Gjesdalen for historiske tilbakeblikk på målsoga, med litterært innslag av Ragnar Hovland. Laurdag kveld blir det skrønekveld på Fjøsøn.

Dugnadsfond

KLP har oppretta Dugnadsfondet, eit fond der eldsjeler kan få støtte på inntil 10 000 kroner til ei sak dei brenn for. Då fondet vart lansert i sommar, hadde det allereie støtta to saker: Støtteforeninga for Kreframma fekk pengar til tur til Dyreparken, og St. Hallvardleikane 2011 fekk støtte til sitt idrettsarrangement for fysisk og psykisk utviklingshemma, som fann stad i mai.

Krava for å få stipend frå Dugnadsfondet er mellom anna at tiltaket må handle om helse, miljø eller humanitært arbeid, det må kunne tidfestast, søkeren må representere ei gruppe, og tiltaket må gjere livet betre for einskildpersonar eller fellesskapet. Informasjon om søknadsprosedyrar finst på KLP sine heimesider.



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Prisen årets nynorskkommune 2011

Kommunal- og regionaldepartementet har sidan 2009 kvart år kåra årets beste nynorskkommune. Tidligere vinnarar er Stord (2009) og Seljord (2010) kommune. Prisen går til ein kommune som har nynorsk som målform. Utdeling av prisen årets nynorskkommune 2011 blir i løpet av november, og vinnaren mottak 100 000 kroner. Føremålet med prisen er å stimulera til god nynorskbruk i kommunane.

Dei som kan søkje om å få prisen er nynorskkommunar som har gjort ein innsats på eitt eller fleire av områda som er nemnde under:

- aktiv bruk og synleggjing av nynorsk i kommunale planar
- aktiv bruk av nynorsk i omdøme- og informasjonsarbeid. Dette kan vere heimesider, skriftleg informasjonsmaterieil til innbyggjarane, opplegg for generell marknadsføring av kommunen, til dømes gjennom kurs og anna opplæring i nynorsk eller eigne retningslinjer for nynorskbruk i kommunen
- god målbruk blant tilsette
- marknadsføring av nynorsk i kulturarbeid og kulturarrangement
- tidleg nynorskinnsats i barnehagar og barneskule.

Søknadsfristen er **15. oktober 2011**.

Det er kommunane sjølve som søker om å bli med i konkurransen. Kommunar som har søkt tidlegare er velkomne til å søkje.

Merk søknaden "årets nynorskkommune" og send den til postmottak@krd.dep.no eller

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Kontaktpersonar i Kommunal- og regionaldepartementet:

- Solveig Kolsrud, tlf. 22 24 72 09
- Eli Johanne Lundemo, tlf. 22 24 72 62

SITATET:

Det stillestående tenåringslivet som skildres i "Få meg på, for faen" virker mistenkelig kjent.

Birger Vestmo i Filmpolitiet på NRK P3



Jan Olav Fretland

- førsteamanuensis i norsk

SPRÅKRÅD

Dette er ein annonse for Språkrådet!

Det er ikkje sant, men eg fekk lyst til å reklamera for den nye klarspråksgruppa i Språkrådet. Og sidan eg ikkje sit i styret meir, kan eg skryta med godt samvit.

Somme av oss har brukt mange år av livet på å kursa offentleg tilsette i å skriva enklare og klårare norsk. Me ser at det offentlege, gjennom språket, nektar mange innbyggjarar innsyn i saker som vedkjem dei. Det kan vera brev frå det offentlege, og det kan vera lover, forskrifter eller retningslinjer. Eit døme: Når ein har mist ektefellen sin, er det mykje å slita med. Det er ikkje berre kjekt å få brev med overskrifta ETTERLATTERETTIGHETER ETTER NN, og lenger nede få vita at ektefellen ikkje har:

«rett til etterlattepensjon når medlemmet dør innan ett år etter tilsetting med rett til medlemskap eller etter at ekteskapet ble inngått, og dødsfallet skyldes sykdom som medlemmet led av ved tilsettingen eller vigselen og som en av ektefellene må antas å ha kjent til.»

Mange vil truleg berre oppfatta at dei kanskje ikkje får pensjon etter si eller sin kjære, og så stoppar lesinga fordi teksten er håplaus. Dømet har eg henta frå den friske nettstaden www.klarspråk.no, der Språkrådet gjev råd og rettleiing til deg som er offentleg tilsett og gjerne vil nå mottakarane dine. Sjå innom denne nettstaden, eg garanterer at du finn gode og nyttige råd. Du kan til dømes sjå korleis klarspråksgruppa ville ha skrivne det nemnde brevet frå Statens pensjonskasse. Her får du nokre fleire lesetips frå nettstaden:

- Dersom du arbeider med kommunikasjon i ei offentleg verksemd, kan du sjå korleis dei driv på med klarspråksarbeid i til dømes Statens kartverk, Mattilsynet, Utdanningsdirektoratet, Bærum kommune, Fredrikstad kommune, Statens pensjonskasse, Försäkringskassan i Sverige og mange fleire.

- Er du oppteken av kva trekk i språket som er versting for den som skal formidla noko, finst det egne språkråd. Det finst til og med ei eiga liste, «Kansellisten», med stive ord og uttrykk som me sjeldan ser i daglegspråket, men som blømer frodig i brev og andre tekster frå det offentlege.

- Du kan lesa undersøkingar av ymse slag, både frå Noreg og Sverige. Visste du at det finst eit eige system for å registrera korleis blikket vårt går når me prøver å lesa eit skjema? Og dersom målinga syner at blikket ditt virrar frå kant til kant i fullt virvar, bør einkvan sjå nærmare på skjemaet.

- Ja, og så kan du prøva deg på ein eigen klarspråks-kviss, eller quiz som det heiter på fint. Det skader ikkje å skjerpa hjernen innimellom, me bli alle sløvare med åra.

Og så understrekar klarspråksgruppa ei sanning som er sannare enn dei fleste sanningar, her i dansk utgåve: «Det nytter f.eks. ikke at kræve klart sprog hvis chefen i virkeligheden synes at den snørklede kansellistil er skabt af Vorherre og ikke kan ændres.»

Viss du er sjef, får du ta litt ekstra vare på dét sitatet!

Får tilgang til videoutstyr

LNK og Landslaget for lokalaviser (LLA) har no inngått ein avtale med Fagforbundet som gjer at dei kan bruke Fagforbundet sitt videokonferanseutstyr.

- Det stemmer at vi får bruke utstyret dei har både i Oslo og på

fylkeskontora, og det er ei ordning vi set stor pris på, seier dagleg leiar Vidar Høviskeland i LNK. Også LLA ser store fordelar med å få tilgang til dette utstyret,

- Me har i dag over 400 lokalavismedarbeidarar på fagkurs kvart år,

og desse kjem frå heile landet. Med tilgangen til moderne videokonferanseteknologi håper me no å kunne veksle mellom kurs der ein samlast fysisk og elektronisk, seier Rune Hetland i LLA.


Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag


24.000** lesarar
måndag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning


...kommune er...
...situasjon at for å...
...nye ting, m...
...na. Dette sk...
...e komment...
...srapporten...
...Han peikar...
...ske analyse...
...er at presse...
...te teneste...
...vesterings...
...n fører til...
...amt, og prio...
...Sveio kom...
...ert mykje. D...
...nskeleg å l...
...ester eller...
...anfor dei r...
...er tildele...
...era vekk and...
...rapporten...
...n rapport...
...grunn til...
...for halda fr...
...rt sett i g...
...rten og följ...
...erlegare til...
...Mellom de...
...p til, er ein...
...alle teneste...
...på å få fram...
...sial. I dette...
...tta retta s...
...ingar som...
...neskapsutv...
...n vil og kar...
...på eininga...
...ika omstill...
...å sjå til...
...rdning av l...
...ysing av de...
...erne delega...
...gjennomg...
...edell for t...
...esar til sk...
...beidet med...
...ministrativ...
...på å frigj...
...da fram...
...Det går vi...
...spira at de...
...ed sjølvst...
...nippet er...
...e resultat...
...innen er kom...
...ng, men den...
...n totalt se...
...krev enno...
...krev enno...
...iplin...
...Tala for f...
...erforbruk...
...millionar k...
...Ra...
...barnehage...
...ak på 3,1...
...ma opp i...
...so...
...gjort kor...
...område h...
...ner overfor...
...og vil kun...
...som det j...
...dringar. P...
...atteinnkom...
...ste halv...
...reskøyta...
...i Foldrø...
...04, men...
...no ikkje...
...ss kommun...
...ellom ann...
...000 kroner...
...Saka har...
...mmunen...
...vart vurd...
...ner. Eig...
...vedtaket...
...nde difor...
...annen i...
...er...
...e månader...
...me fekk...
...ne saka...
...n klagein...
...n sjølv...
...dette med...




FJELLKOMMUNE?



KYSTKOMMUNE?



BYKOMMUNE?



LANDKOMMUNE?

KBN Kommunalbanken
Norge

- me er til for alle

I meir enn 80 år har me hjelpt kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering, slik at kommunen kan realisera sine mål.

Vil skape meir liv i bygda

Sogn og Fjordane Ungdomslag (SOFUL) ønskjer at det skal bli meir liv i alle grendehus, bygdehus, bedehus, samfunnshus og ungdomshus i fylket. Derfor starta dei opp prosjektet «Huset i bygda».

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Prosjektleiari Kristin Sandal har tidlegare uttalt til Driftig.no:

– Huset i bygda er for mange sjølv livsnerven for det sosiale livet og ein møteplass for innbyggjarane. Det er mange fritidsaktivitetar for både born og vaksne som føregår i husa, og i mange bygder er ungdomshuset eller bygdehuset det einaste huset til slike føremål. Utan det lokale kulturhuset kan det nokre stader bli slutt på aktiviteten i bygda.

Det treårige prosjektet «Huset i bygda» starta opp for alvor i 2010, finansiert av Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunar i Sogn og oppsparte midlar i ungdomslaget. Norske kulturbygg er også samarbeidspartnar. Målet med prosjektet er å styrkje dei lokale kulturbygga i fylket som sosial møtestad, som arena for utøving av kultur og som kulturminne.

Prosjektleiaren til «Huset i bygda» jobbar deltid, i tillegg til at ungdomslaget sjølv er involvert i prosjektet. Nå har dei kome halvvegs i prosjektperioden og har vore i kontakt med fleire titals representantar for lokale aktivitetshus.

VIL NÅ LENGER ENN SOGN

– Eg er ein utålmodig person. Eg er nøgd, men eg vil at vi skal nå mykje lenger. My-



OPTIMISTISK: Styreleiar Anders Gjerland i ungdomslaget er positivt overraska over responsen prosjektet har fått. (Foto: Privat)

kje stoppar med økonomien. Vi hadde eit veldig lyft det første halvåret, der vi deltok på fylkeskommunale konferansar, fekk presentert arbeidet i fleire forum og var i dialog med huseigarar. Sidan det er snakk om frivillig arbeid, bør eit slikt prosjekt eigentleg ha ein litt større horisont enn tre

år. Eg skulle også ønskje vi hadde meir midlar, slik at prosjektleiaren kunne reist meir til dei forskjellige laga og organisasjonane vi er i kontakt med, seier Anders Gjerland, som er styreleiar i SOFUL.

Prosjektet «Huset i bygda» er ikkje berre oppretta for å hjelpe til med det tekniske med eit grendehus. Føremålet er også å gje laga og organisasjonane høve til å drive med kjerneaktiviteten sin, ikkje berre drive eit grendehus til bruk for andre.

– Vi har hatt fleire konstruktive møte med lag og foreiningar som eig hus. Dei har ønskt hjelp til å utvikle huset, med teknisk oppgradering, drift og utleige av huset. Gjennomgangstonen har vore at organisasjonane har brukt så mykje krefter på drifta av huset, at det har gått på kostnad av kjerneaktiviteten. Dei har i praksis blitt eit husstyre i staden for å drive med organisasjonsarbeid, fortel Gjerland.

– Vi fokuserer på det lokale miljøet. Vi ønskjer å styrkje det sosiale miljøet med fokus på huset. Ikkje plent på korleis huset står fram, men meir på huset som ei ytre ramme for aktivitetar. Vi ser litt stort på dette. Vi er opne for alle slags hus – bedehus, grendehus og nedlagde skular gjevne til krinsen, held han fram.

Tanken var at dette skulle bli eit nasjonalt prosjekt, men det er langt fram dit.

– Først skal vi avdekkje behovet i Sogn og Fjordane. Vi har framleis ambisjonar på nasjonalt nivå, men vi må ta den tida vi treng for å fullføre prosjektet i fylket vårt først. Så kan vi prøve å få på plass ein liknande struktur i andre fylke, seier SOFUL-styreleiar.

GOD RESPONS

Like etter at dei starta opp prosjektet, blei dei kontakta av mellom 20 og 30 huseigarar rundt om i fylket, som var interesserte i sjølve prosjektet, og som ønskte råd frå ungdomslaget.

– Eg var overraska over responsen vi fekk etter at prosjektet hadde blitt presentert i avisene, men det er ikkje alle telefonane vi har fått, som har resultert i eit møte med huseigaren, seier Gjerland.

Han peikar på at det er mange perler av ungdomshus som står til forfall rundt om i fylket, mellom anna står det tre Lindstrømteikna hus i Indre Sogn. «Huset i bygda» har nå to hus som dei har kome skikkeleg i gang med arbeidet og samarbeidet på.

– Husa i Vik og Solund er dei mest konkrete prosjekta vi nå jobbar med. Vi er også i startgropa med fleire andre hus, fortel Gjerland.

Sogn og Fjordane Ungdomslag har 51 ungdomslag som er knytte til organisasjonen. I Sogn er det rundt 150 organisasjonseigde hus, inkludert bedehusa.

– Vi ønskjer å vere ein slags sparringpartnar for huseigarane. Vi kan hjelpe til med å lage reguleringsplanar for området, finne ut kva som er realistisk å gjennomføre, kven dei bør ta kontakt med, korleis dei skal gå fram, og kva kommunale og fylkeskommunale planverk dei skal bruke. I tillegg kombinerer vi ofte det fysiske møtet med eit kortkurs i organisasjonslære, seier ungdomslagsleiaren.

– Vi ønskjer å bidra med hjelp til sjølvhjelp, avsluttar han.

DRAUM OG TULLSKAP

Festskrift til
Rasmus Løland 150 år

Pris 248,-

Bestilling på e-post:
post@nashornet.no

I bokhandelen frå 27. april

SELJA FORLAG



Det er 150 år sidan forfattaren Rasmus Løland blei fødd. Løland var ein pioner i barnelitteraturen. Han skreiv historier direkte og levande til ungane, som skil seg frå eventyr og bibelhistorier.

Denne boka handlar om det å bli lesen for, ho handlar om kvifor Løland var ein pioner og ho handlar om arven etter han i den nynorske barnelitteraturen.

Her fortel mellom andre Herborg Kråkevik om kva ho les for dottera si, her fortel Ingelin Røssland om korleis det er å vera forfattar og besøka skuleklassar, og her fortel Arnt Birkedal om kva posisjon Løland har og har hatt i litteraturen.

Denne boka er for deg som har blitt lesen for og for deg som likar å lesa for barn.

Norsk Plan as

ABC Startside

SpareBank 1 SR-Bank

Sjungeunds Avis





Gudny Fagerhol (Ap)
er ordfører i Ørsta
kommune.

Kommunestyret i Ørsta har 33 representantar: Frp (9), Ap (7), Sp (7), KrF (3), Høgre (2), SV (2), Venstre (2) Uavhengig (1).

Ørsta kommune har 10 400 innbyggjarar, og ligg omkransa av dei høgreste Sunnmørs-alpane. I tillegg til høgreste fjell har Ørsta kommune også fjorden, som gir grobotn for fiskeindustri. Kommunen er den største landbrukskommunen i Møre og Romsdal, og jordbruk er ei viktig næring.

Kommunen kallar seg sjølv først og fremst for ein industrikommune, med mellom anna møbel-, metallforedlings- og næringsmiddelindustri.

Ørsta er kjent for Ivar Aasen-tunet, som kvart år husar Dei nynorske festspela, Musikklubben Rust, som stadig har store artistar på besøk, og sist, men ikkje minst, bandet Vassendgutane, som har servert sin trufaste fanskare meir enn éi landeplage.

Ørsta kommune består av fleire mindre bygder og tettstader, som Hovdebygda, Sæbø, Vartdal, Barstadvik og Nordre-Vartdal. Ørsta inst i Ørstafjorden er kommunesenteret.

Sunnmørskommunen grensar mot Sykkylven og Stranda i aust, Til Hornindal i sør og Volda i sørvest.

Kjelder: Wikipedia,
Ørsta kommune sine nettsider



ORDFØRAREN OM:

Folketalet:

– Ørsta har hatt stor folketalsauke dei siste åra. Nå har vi passert 10 400, og det er ein milepåle i seg sjølv og svært gledeleg. Vi har lege lenge på mellom 10 000 og 10 200 innbyggjarar. Det har vore viktig at vi har hatt byggjeklare, attraktive tomter for at folk skal flytte hit.

Sosiale medium:

– Eg er på Facebook på eige initiativ, men eg har jo ikkje tid til å fylle opp profilen min.

Kommunesamanslåing:

– Ørsta kommune har eit vedtak frå i vår som seier at vi ikkje skal gå vidare med å tenkje på å slå oss saman med Volda på det nåverande tidspunktet. Eg trur det var eit klokt vedtak. Vi må bli flinkare til å samarbeide før vi går til det steget at vi slår oss i lag.

Målform:

– Det er innlysande; alle som jobbar hos oss brukar nynorsk. Då LNK-avisa prøver å få ho til å utdjupe dette svaret, seier ho berre: – Ivar Aasen.

Gode år i Ørsta



Ho jobbar for å behalde både offentlege og private arbeidsplassar i Ørsta kommune. Ordfører Gudny Fagerhol (62) seier nå takk for seg etter 32 år i lokalpolitikken.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Vi har bedrifter vi er stolte av; vi har Vik Ørsta, vi har møbelprodusentar og vi er den tredje største landbrukskommunen i Møre og Romsdal. Vi har også den største landbrukstilknytte næringa i fylket, med Ørsta-meieriet. Det er berre her på dette meieriet at Tine lagar Snøfrisk av geitemjolk, fortel ein stolt avtroppande ordfører til LNK-avisa.

– Når det gjeld geitemjolkproduksjonen, så er vi inne i ein viktig fase nå, der vi byggjer opp ny buskap. I fjor auka produksjonen av Snøfrisk, så nå må vi fylle opp med ny, frisk geitemjolk for å tilfredsstille marknaden, held ho fram.

To politiske saker som lenge har vore eit tema i Ørsta, er fleirbrukshall og samhandlingsreforma.

–Vi ønskjer å byggje ein fleirbrukshall i Ørsta, men det som det skortar på, er finansieringa. Dette er ei utfordring politikarane må ta alvorleg i neste periode, meiner Fagerhol.

Ho peikar på at den statlege samhandlingsreforma som skal på plass frå neste år av, er ei utfordring også for Ørsta kommune.

– Dette blir ei utfordring for mange kommunar. Vi er ein stor landkommune med spreidde tenester. Vi har mellom anna institusjonar tre stader. Vi skal likevel klare det meste, viss vi berre får nok overføringar. Dette er litt uklart i dag, seier Ørsta-ordføraren.

Ho blei i 2007 den første kvinnelege ordføraren i Ørsta. Nå seier ho takk for seg etter 32 år i lokalpolitikken. Ho har også vore 20 år i fylkestinget. Før ho blei ordfører, sat ho åtte år som varaordfører. Det var ikkje berre-berre å bli den første kvinnelege ordføraren.

– Eg trur ikkje Ørsta kommune var heilt klar for ein kvinneleg ordfører då eg blei ordfører. Eg fekk god støtte av dei tilsette på rådhuset, men det verka som om dei politiske motstandarane mine stilte større krav til meg som ordfører enn kva dei ville ha gjort om det var ein mannleg ordfører, seier Fagerhol.

– Denne barrieren heva eg meg etter kvart over, og spesielt det siste året har eg hatt god dialog både med politiske motstandarar og partikolleger. Eg har hatt fire rike år, men også nokre triste år på grunn av ulukkene som har vore, oppsummerer Fagerhol.

Nynorsken si vogge

Nynorsken sin far blei fødd på garden Åsen i Hovdebygda i Ørsta. I dag står Ivar Aasen-tunet ved fødestaden til Ivar Aasen i lia i Hovdebygda som eit monument over livet til språkforskaren.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

Det er Nynorsk kultursentrum som eig og driv Aasen-tunet. Tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, og nybygget blei opna i 2000.

Kvar sommar husar Ivar Aasen-tunet Dei nynorske festspela. I år blei desse festspela arrangerte for 20. gong med Bjørn Sortland som festspeldiktar og Kari Bremnes, Sigrid Moldestad og Gunnhild Sundli som musikalske trekkplaster.

Under festspelveka blir nynorsk litteratur, musikk og biletkunst pre-



I HOVDEBYGDA: Ivar Aasen-tunet oppe i lia i Hovdebygda.
(Foto: Gaute Øvereng)

senteret. Festspela held ikkje berre til på Aasen-tunet, men har også spreidd fleire arrangement til Ørsta sentrum og nabokommunen Volda.

SAGT OM ØRSTA:

– Kvar for seg har kommunane for liten kompetanse.
Tidlegare Ørsta-ordførar Nils Taklo, Sp,
som vil slå saman alle kommunane på Søre Sunnmøre

– Nå kan det altså skje at Ørsta og Volda slås
sammen under navnet Aasen kommune.
Dagbladet



Vassendgutane-suksess brødfør elleve mann

**JOBBA SEG TIL
SUKSESS:** Vassendgutane har ikkje fått suksessen gratis. Dei er ute på mellom 80 og 100 spelejobbar i året. (Foto: Flan Booking)

Vassendgutane, som nær alle kjem frå Åmdal i Ørsta kommune, blei folkeeige då dei gav ut plata *Ungkar med dobbelseng* i 2005. Ho selde til platina, det vil seie 60 000 eksemplar.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

– Vi hadde vel aldri trudd at vi skulle kunne leve av musikken og Vassendgutane då vi starta opp i 1996, men i dag gjev bandet ei grei årsinntekt til 11 mann. Vi føler oss privilegerte som kan leve av og ha ei skikkeleg inntekt av noko som bare er tull og tøys, fortel bassist Sindre Aam.

– Då vi starta opp, var tanken berre at vi skulle ha det artig, og det har vi jo endå, ler bassisten.

Sidan *Ungkar med dobbelseng*-salssuksessen har dei gjeve ut fleire album. XO i

2008 selde til dobbel platina. Nå i vår gav dei ut si siste plate, *Riskrem og entrekått*, som foreløpig har selt rundt 33 000, kan Aam fortelje.

Det er ingenting som har kome gratis for bandet.

Vi er ute på mellom 80 og 100 spelejobbar i året, så vi ofrar nesten alle helgane på bandet, seier bassisten.

Aam peikar på at det har teke tid før Vassendgutane blei noko dei kunne leve av.

– Det har ikkje skjedd over natta. Det er 15 år sidan vi hadde våre første spelejobbar på lokale ungdomshus. Dei første 10 åra tok vi ikkje ut ei krone frå inntektene til oss sjølve. Vi putta alt inn i bandet og kjøpte oss skikkeleg utstyr og var nøkterne. Det har vi igjen for nå, slår Aam fast.

Språkvalet er ikkje tilfeldig.

– For oss har det ikkje vore noko anna alternativ enn å synge på nynorsk. Det er det språket folk forstår, og når vi skulle synge om ting som skjedde rundt oss, så blei det mest naturleg med nynorsk, seier Aam på syngande Møre-dialekt.

Vassendgutane reiser på spelejobbar i heile landet, oftast reiser dei med buss.

– Vi bur jo midt i landet, og det er jo ein fordel når vi skal ut og reise. Det er 90 mil til Bodø og 90 mil til Kristiansand. Vi brukar rundt 15 timar i bandbussen til Bodø eller Kristiansand og det går heilt greitt. Skal vi lenger nord enn Bodø, då fyk vi, seier Sindre Aam leande.

Musikken til Vassendgutane er, ifølgje Wikipedia, ein folkeleg country med egne tekstar og melodiar, og tema i mange av tekstane er henta frå kvardagen i norsk bygdlev.

Heile bandet utanom ein, ein steelgitarist frå Ålesund, kjem frå Åmdal, ein sidedal rundt fem kilometer utanfor Ørsta sentrum. Bandet består av nemnde Sindre Aam på vokal og bass, Arthur Johan Bjørndal, vokal og gitar, Ernst Brune, trekkspel, Rune Brautaset, vokal og gitar, Lars Egil Vågseter, steelgitar, Leif Aase, vokal og elgitar og Bjørn Marius Øyehaug på vokal og trommer.

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege
start på
internett

www.startsida.no

SAGT OM SOGNDAL:

– I alle år har Ørsta/Volda kriga mot kvarandre på fotballbana og i kommunepolitikken.

Arill Riise, TV2-Nyhetene

– Samanslåing e' umule. Me e' to sorta folk, var replikken frå ein ørsting på Amfi kjøpesenter i Ørsta.

Kommentar i TV2-reportasje

Viser fram naturen med årleg naturfestival

Folk i Ørsta er stolte av naturen sin, av dei spektakulære tindane og ville fjordane. Derfor arrangerer Ørsta Reiselivslag Naturfestivalen kvart år.

ELIN MOEN KARLSEN
elin@norsk-plan.no

I over ei veke i slutten av juli og byrjinga av august er det over 50 ulike arrangement for alle aldrar og alle typar folk i Ørsta.

Det er det åttande året vi arrangerer Naturfestivalen, fortel Siri Dahl, organisasjonsleiar og koordinator i Ørsta Reiselivslag til LNK-avisa.

Ho har vore med og arrangert festivalen i fire år. Ho har travle dagar nå den første veka i august. Vi er midt i veka, og festivalen har allereie vart i fleire dagar. Det er mykje som skal koordinerast når rundt 15 lag,



SAUDEHORNET RETT OPP: Over 600 var med i motbakkeløpet Saudehornet rett opp under Naturfestivalen. Her er deltakere på veg opp mot Saudehornet, som ligg 1303 meter over havet. Ørstafjorden i bakgrunnen. (Foto: Eldar Lingås)

organisasjonar, privatpersonar, bedrifter og meir enn 100 frivillige har forskjellige arrangement rundt i kommunen og nabo-kommunane.

Det var tidlegare reiselagsleiar Hjørdis Kristoffersen som tok initiativ til Naturfestivalen og starta han opp.

Tanken bak festivalen er først og fremst å formidle naturglede. Med eit stort spekter i arrangementa vil vi få folk til å sjå at det er fleire måtar å bruke naturen på, slår Siri Dahl fast.

Under festivalen kan topturentusiastar få testa grensene sine, barn og ungdom få

prøve spennande aktivitetar, og dei som vil rusle ein tur på gamle stiar i godt lag, kan gjere det. Her er klatreføringar, toppturar, familieturar, sykkelurar, båtturar, fiske, museumsbesøk, gardsbesøk, kulturvandringar og mykje meir.

For dei som ønskjer å konkurrere, vert det Ørstarritt på sykkel, og Naturfestivalen samarbeider også med motbakkeløpet Saudehornet rett opp.

Mellom 4000 og 5000 menneske er med på dei forskjellige arrangementa under Naturfestivalen. Då er det både lokale folk frå Ørsta og kommunane rundt og tilreisande

som deltar, fortel reiselivslagsleiaren.

Med så mykje som 50 arrangement i løpet av ei dryg veke har ikkje Naturfestivalen noko mål om å bli større i talet på arrangement.

Vi ønskjer heller å vekse ut over og bli større geografisk. Vi har som mål at Naturfestivalen skal bli ein regional festival for Søre Sunnmøre, slår Dahl fast.

Søre Sunnmøre består av kommunane Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Hareid og Ulstein. På nettsidaen www.naturfestivalen.no kan du lese meir om Naturfestivalen i Ørsta.

**LNK
KORTET
2011-2013**

Best Western
HOTELL HORDAHEIMEN

**Bonde
vennen**

BEST WESTERN
HOTELL BØNDEHEIMEN
Siden 1913

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no
om tilboda kortet gir

**ABC
Startsida**

Vel www.startsida.no som
di nye startside. Meir info her:

www.startsida.no/egen

Samarbeid om etisk rekruttering

Arbeidsgjevarar og arbeidstakarar vil ha slutt på uetisk rekruttering av helsepersonell frå utlandet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Arbeidsgjevarorganisasjonen Spekter, Fagforbundet og Sjukepleiarforbundet har no innleia eit samarbeid basert på ein avtale frå 2008. Denne avtalen er eit felles dokument for etisk rekruttering av helsepersonell mellom dei europeiske landa. Føremålet er mellom anna å hindre såkalla brain drain, hjernetørke på norsk.

SOSIAL DUMPING

– Det viktigaste er å motverke aggressiv rekruttering av helsearbeidarar frå land som treng ressursane sine sjølve, seier Lisbeth Normann, leiar i Norsk Sjukepleiarforbund, til Ukeavisen Ledelse. Ho peiker på rekrutteringa som Storbritannia, Australia og Canada driv i det sørlege Afrika, som særleg aggressiv. Men også norske kommunar og vikarbyrå hentar sjukepleia-

rar frå Latvia, Litauen, Polen og Filipinane, land som gjerne treng kompetansen sjølve.

I tillegg til at ein ikkje skal utarme andre land sine ressursar, må samarbeidspartane dessutan syte for å unngå sosial dumping. Det vil seie at utanlandske arbeidarar ikkje må få dårlegare løns- og arbeidshøve enn det norske tilsette får, seier Normann.

JOBBE MEIR

Men det er ikkje berre omsynet til dei utanlandske arbeidstakarane som spelar inn i dette bildet, seier kommunikasjonsdirektør Gunnar Larsen i Spekter. Ein må også sjå på problematikken knytt til fallande arbeidsdeltaking hjå norske helsearbeidarar.

– Viss sjukepleiarane i helseføretaka hadde jobba like mange timar i snitt i 2010 som dei gjorde i 2002, hadde vi faktisk hatt mellom 1300 og 1500 fleire årsverk i norsk helsevesen. I ei røynd der behovet for helsestenester aukar sterkt, er det klart at ein auke av arbeidstida hjå dei deltidstilsette som vi allereie har i landet, vil avgrense behovet for arbeidskraft utanfrå, seier han til Ukeavisen Ledelse.



HENTAR: Sjukebusa og institusjonane hentar ofte sjukepleiarar frå andre land. (Illustrasjonsfoto: Colourbox.no)

Bli med i Fagforbundet!



Fagforbundet er det største forbundet i LO og har nå rundt 315 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemder kan bli medlem i Fagforbundet. I tillegg organiserar vi tilsette i sjukehusa. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet jobber i mot konkurranseutsetting og privatisering av offentlege tenester. Vi ynskjer ein sterk offentlig sektor som kan gi innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.

Velkommen som medlem.
Send **Fagforbundet medlem** til **1980**



omtanke
solidaritet
samhold



Stort oversyn Lite format

Bladet for landbruk og andre bygdenæringar på Sør- og Vestlandet.

Eit år med Bondevennen, førti nummer, heim til deg for kr 350. (Normal pris er kr 700. Berre for nye abonnentar.)

Send e-post til bond@fkra.no. Merk: LNK-tilbod.

Bonde vennen

Sidan 1898 har Bondevennen som fagblad og talerøyr sett fokus på landbruket og andre bygdenæringar. Nedslagsfeltet er frå Sunnmøre i nord langs kysten til og med Telemark, med tyngdepunkt i Rogaland, Agderfylka og Sunnhordland.





Klikk deg inn på Førstevalet.no, bli kjent med unge politikarar og finn ut kva parti som snakkar til deg!

Førstevalet.no er ein del av prosjektet "Mot til å meina" som har til målsetjing å få fleire til å ta del i politisk arbeid og auke valdeltakinga i aldersgruppa 16-25 år.

Første**VALET**.no

Klart for nynorske litteraturdagar

Programmet for Nynorske Litteraturdagar i Aurland siste helg i oktober er no klart.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Tidlegare språkråddirektør Sylfest Lomheim skal opne festivalen fredag kveld. Lomheim får følgje av poeten Jon Hjørnevik og musikarane Sigrid Moldestad og Liv Merete Kroken, som saman utgjer duoen Spindel-duo. Fredag blir det også møte med NRK-journalisten Erling Lægred, som gir ut ny bok i desse dagar.

FOR BARNA

Laurdag er den store festivaldagen, og då er det dei unge som skal få sitt. Barn og unge er ei viktig målgruppe for festivalen, seier arrangørane, og denne dagen kan dei få treffe forfattarane Lars Mæhle og Maria Parr. Båe to har hatt stor suksess med film og bøker dei seinare åra. Lars Mæhle er mest kjend for boka *Keeperen til Tunisia*, som seinare har blitt til filmen *Keeper'n til Liverpool*. Maria Parr har hatt suksess både i Noreg og i utlandet med bøkene sine, og boka *Vaffelhjarte* skal no bli barne-tv.

Etter møtet med forfattarane er det tid for Operabarnetimen, fanfaronenes superoperashow, eit laussleppt operashow for barn.

ÅRESONG OG POPQUIZ

Sylfest Lomheim skal engasjere dei vaksne med ein frukostprat på laurdag. Sidan vil det handle om lese Brett og e-bøker, det blir foredrag om Hulda Garborg, og publikum kan få innblikk i livet til kvinner under krigen, både dei som deltok i motstandskampen og dei som var del av Rinnanbanden. Forfattarane Ragnar Hovland og Lars Ove Seljestad kan du treffe denne laurdagen, og skulle det freiste med litt musikk, vil Gabriel Fliflet og orkesteret hans framføre tingingsverket frå festspela i Bergen i 2010. Åresong heiter verket, og det er basert på tekstar av Jon Fosse.

Laurdagen vert avslutta med ein popquiz, der Ragnar Hovland og Finn Tokvam er vertar.

MUSIKALSK AVSLUTNING

Dei nynorske litteraturdagane rundar av søndag. Då kan du treffe ein lokal krimforfattar eller oppleve Egon Askvik & co. i Vangen kyrkje. Heilt til slutt blir det avslutningskonsert med Rita Eriksen med orkester.

Dei nynorske litteraturdagane i Aurland blir i år arrangerte for sjette gong. Det er Aurland kommune som står bak Nynorske Litteraturdagar, ein litteraturfestival som kom til som ei vidareføring av allereie etablerte kulturtiltak i kommunen.



FOR BARNA: Maria Parr kjem til litteraturdagane i Aurland i oktober. (Foto: Toyni Tobekk)

BOKMELDING:

Praktisk og nyttig om sosiale medium



Sosiale medier i all offentlighet
– Lytte, dele, delta
Kommuneforlaget 2011
Alf Tore Meling, Arne Krokan, Petter Bae Brandtzæg, Lars Gillund, Øyvind Kvalnes og Jon Wessel-Aas

Dette er boka for den som nøler og lurer på om sosiale medium er vegen å gå, men også for den som ønskjer å bli gjort merkam på fallgruvane med å bruke sosiale medium som ein del av kommunen sitt informasjonsarbeid.

Medan folk flest, næringslivet og organisasjonane for lengst har teke sosiale medium aktivt i bruk, har det offentlege, og då særleg kommunane, gått noko nølande bak. Ikkje til å undrast over: Å dele alt med alle er ikkje noko det offentlege kan eller bør gjere like ukritisk som vi andre kan tillate oss. Lovar og forskrifter set grenser for openheit, lagring og journalføring. I tillegg kjem utfordringane knytte til roller og bruken av sosiale medium; kven er du når du er på Facebook? Kven har lov og rett til å snakke på vegner av kommunen, og kva kan vi seie?

Sosiale medier i all offentlighet svarar på desse og liknande problemstillingar som vi veit det offentlege balar med. Boka forklarar kort kva sosiale medium er for noko, og korleis vi bruker dei i dag, før dei som har prøvd seg, får sleppe til med

historiene sine. Vi får eit innblikk i spesielt Kongsvinger kommune si satsing, som står fram som ei suksesshistorie frå a til å. Men kommunikasjonssjefen i Kongsvinger kommune, Lars Gillund, lar oss også få innsyn i uvissa kommunen har opplevd, og vala dei gjorde som kanskje ikkje var like vellukka. Kongsvinger kommune på nett vart kåra til Årets kommunale nettstad av Difi i 2010.

Like viktig som suksesshistoriene er svara på kva, kor ofte og korleis? Kommunikasjonsrådgjevar Alf Tore Meling gir ei kort og praktisk trinn for trinn-innføring i korleis ein opprettar ei Facebook-side. Dette er nyttig, i alle fall inntil Facebook endrar oppsettet sitt eller kjem med noko nytt.

Dei to kanskje mest interessante kapitla omhandlar jus og etikk. Kva skal ein gjere med journalførings- og arkiveringsplikta? Skal det kommunen seier på Twitter, journalførast? Kan vi handsame saker i all offentlegheit? Og kan ein sakshandsamar snakke fag når ho sit på Twitter heime i eiga stove? Konklusjonane vil kanskje overraske og bekymre ein i overkant nervøs byråkrat. Øyvind Kvalnes, filosof og førsteamanu-

ensis ved Handelshøyskolen BI, slår fast at ein byråkrat nærmast har plikt til å bruke kompetansen sin i sosiale medium, også utanfor kontoret sine fire vegger. Det er jo det sosiale medium handlar om: lytte, dele og delta. Boka byr på gode verktoy som kan hjelpe oss til å ta kloke og trygge avgjerder på etiske spørsmål knytte til bruk av sosiale medium. Dei juridiske spørsmåla er det ikkje så mange eintydige svar på, men problemstillingane er i seg sjølve interessante.

Sosiale medier i all offentlighet er først og fremst ei samling av gode argument som kan vere med og gje den usikre byråkraten det ekstra dyttet i ryggen ho kanskje treng for at hennar kommune skal bli ein av dei som tek dette landskapet i bruk. Samstundes er problemstillingane som blir reist, såpass allmenntytte at boka like godt kan fungere som det venlege dyttet også for næringslivet, lag og organisasjonar.

Dette er ikkje eit djupdykk i sosiale medium i det offentlege. Men ei god leseliste bak i boka og gode referansar bør gi lesaren gode høve til ytterlegare fordjuping.

Toyni Tobekk

aktuelt: Arne Moslåttan



Foto: Erik Burås/ikonibaven.no

Namn: Arne Moslåttan
Alder: 63
Yrke: Musikar
Aktuell: Festspeldiktar i 2012

Arne Moslåttan frå Hellbillies blir festspeldiktar for Dei nynorske festspela i 2012.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Gratulerer med jobben som festspeldiktar.
Kva betyr det for deg?

Ordsnikkar og festspeldiktar

Takk for det! Det betyr ganske mykje for meg. Det er eit ærefullt oppdrag med tanke på alle dyktige forfattarar som har hatt denne jobben før meg. Eg synest òg det er fint at det denne gongen blir sett fokus på songtekstar, som på mange måtar er ein eigen teknikk å bruke språket på.

Kva gjer eigentleg ein festspeldiktar?
Det er ikkje heilt avklara enno. Vi skal ha planleggingsmøte utover hausten og vinteren for å finne fram til tema og arrangement der eg kan bidra med noko fornuftig, og som kan vera interessant for publikum.

Kva betyr dette språket (nynorsk) for deg?
Eg bur i ein nynorskkommune og har difor skrive nynorsk heile livet. Det er vel òg det skriftspråket som ligg nærast dialekten min. I tekstskrivinga brukar eg hallingdialekten. Dialektar eignar seg

svært godt i lag med musikk fordi dei er munnlege språk som har mykje mindre skarpe kantar enn skriftspråk.

Hellbillies har 20-årsjubileum i år. De gir dykk ikkje, slik for eksempel A-HA har gjort?
Nei, vi held vel på så lenge vi har moro av det og held oss friske og spreke.

Kva språkval har Hellbillies gjort?
Vi har eigentleg ikkje teke noko språkval. Vi ville skrive og uttrykkja oss på norsk, og då er det hallingmålet som er vårt språk. Vi er dessutan av den meining at norsk er det språket som fungerer best for oss rundt om i landet.

Du gjer andre ting enn å spele i Hellbillies også?
Ja, det fører òg med seg ein del kontorarbeid, og eg har også vore med på andre musikkprosjekt. I tillegg har eg bakgrunn som pedagog, og har arbeidd ein del med



Juliane Rui (1982) kjem frå Telemark/Vestfold. Ho debuterer med diktsamlinga *Den hesten er av snø* på Samlaget hausten 2011.

Foto: Privat

debutanten

Dei kvite rundingane heiter snøbær. Finst dei om vinteren. Finst, før dei fell framfor augehinnene, så tynt vove.

pedagogiske opplegg innan folkemusikk. Eg har i tillegg ein del hobbyar som tek ein del tid, som til dømes fotografering.

Skal du gjere noko spennande i haust, eller er festspeldiktar ein heiltidsjobb?
Vi skal ha ferie i slutten av september. Etter det blir det fleire konsertar fram til ut i desember. Vi startar dessutan på skriving for ein ny CD med Hellbillies, og deretter blir det arbeid i studio.

Forsikringar skal gi deg tryggleik, **men;** kan dei også gi deg litt betre økonomi?

Alle som har offentlig tenestepensjon i KLP har ikkje berre ei solid og trygg pensjonsordning, dei har også høve til å gjere seg nytte av spesielt gunstige forsikringsordningar. Vi veit at våre medlemmer er fornuftige og ansvarlege, derfor kan vi tilby svært konkurransedyktige vilkår. Låge forsikringspremiar og den raskaste bonusoppteninga i marknaden kan gi deg som medlem nokre kroner til overs. Kva du vil bruke desse pengane til skal ikkje vi bry oss med, men hugs at vi også har bank med svært gode vilkår både på sparing og fond.

Gå inn på klp.no og les meir om kva vi kan tilby alle som har offentlig tenestepensjon i KLP.

klp

for dagane som kjem